



Fjord
kommune

ÅRSMELDING 2023

ÅRSRAPPORT 2023



Foto: Stordal skule

Innhold -

DEL A ÅRSMELDING	3
Innleiing	3
1. Økonomisk handleevne over tid	4
1.1 Driftsrekneskap	5
1.2 Investeringsrekneskap	6
1.3 Balanse	7
1.4 Finansielle måltal	9
1.4.1 Netto driftsresultat	9
1.4.2 Disposisjonsfond	9
1.4.3 Gjeldsgrad	10
2. Vesentlege avvik	11
2.1 Avvik drift	11
2.2 Avvik investering	17
3. Måloppnåing - ikkje økonomiske forhold	19
3.1 Kommuneplanen	19
3.1.1 Samfunnsdelen av kommuneplanen	19
3.1.2 Arealdelen av kommuneplanen	19
3.2 Klimabudsjett	19
3.3 Folketal	20
3.4 Tenester	20
3.4.1 Interkommunalt samarbeid	20
3.4.2 Oppvekst og kultur	21
3.4.3 Pleie Omsorg Velferd	21
3.4.4 Næring	23
3.4.5 Teknisk Landbruk Miljø	23
3.5 Personale	23
3.5.1 Tilsette	23
3.5.2 Rekruttering	23
3.5.2 Sjukefråvær	24
4. Tiltak for å sikre høg etisk standard	24
4.1 Internkontroll – rapport for 2023	24
4.1.1 Styring	25
4.1.2 Aktivitetar	25
4.1.3 Effekt og resultat	25
5. Likestilling	25

6. Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26	26
DEL B ÅRSRAPPORT	27
Innleiing	27
7. Organisering Fjord kommune	27
7.1 Politisk organisering	27
7.1.1 Kontrollutvalet	28
7.2 Administrativ organisering 2023	28
8. SENTRALADMINISTRASJONEN	29
8.1 Rekneskap	29
8.2 Sentraladministrasjonen	29
8.3 Beredskap, digitalisering og informasjon	31
9. NÆRING	32
10. OPPVEKST - KULTUR	33
10.1 Rekneskap	33
10.2 Stordal barnehage	33
10.3 Syltebøen barnehage	35
10.4 Dalsbygda barnehage	36
10.5 Stordal skule / SFO	37
10.6 Valldal skule/SFO	39
10.7 Fjord vaksenopplæring	40
10.8 Eidsdal skule / SFO	41
10.9 Fjord kulturskule	43
10.10 Fjord bibliotek	44
10.11 Ungdomsarbeid/Ungdomsklubbane	45
10.12 Frivilligsentralane	46
10.13 Folkehelsearbeid	47
10.14 Martin Linge-huset	48
10.15 Stordalshallen	48
11. HELSE - OMSORG - VELFERD	50
11.1 Rekneskap	50
11.2 Helsetenesta	50
11.3 Flyktingtenesta	51
11.4 Pleie og omsorg Stordal	52
11.5 Pleie og omsorg Valldal - Eidsdal	53
11.6 Fjord Habilitering	54
11.7 Glimt aktivitetssenter	56

12. TEKNISK – LANDBRUK - MILJØ	57
12.1 Rekneskap	57
12.2 Bygg og kommunalteknikk	57
12.3 Reinhald	59
12.4 Plan og miljø	59
12.5 Brann	60

DEL A ÅRSMELDING

Innleiing

Fjord kommune si Årsmelding 2023 er utarbeidd i samsvar med kommunelova og inneheld omtale av kommunen si samla verksemd gjennom året. Innhaldet i årsmeldinga er heimla i Kommuneloven § 14-7, der det m.a. står at -

Kommunen skal utarbeide ei årsmelding for kommunen si samla verksemd. Det skal utarbeidast eiga årsmelding for ev kommunale føretak.

Årsmeldinga skal gjere greie for

1. forhold som er viktige for å klargjere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretek den økonomiske handleevna over tid
2. vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for bruk av løyvingane
3. verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane
4. tiltak som er iverksett og tiltak som vert planlagt iverksett for å sikre ein høg etisk standard
5. den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna
6. kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgivar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Desse punkta vert opplyst, kommentert og vurdert i årsmeldinga. Det enkelte punkt samsvarar med nummer på kapittel.

I tillegg til Årsmelding 2023 med opplysningar etter Kommunelova vert det også utarbeidd Årsrapport 2023. Denne har detaljerte og utfyllande opplysningar for verksemdene med kommentarar om måloppnåing og andre forhold som er viktige for å gje eit bilete av drifta.

1. Økonomisk handleevne over tid

I Kommuneleva (KL) er det lagt vekt på langsiktig tankegang . Det er fleire paragrafar som omhandlar dette tema. I KL §14-1 1. ledd står det at “Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid”.

I følge KL § 14-2 pkt c. skal kommunestyret vedta finansielle måltall for utvikling av kommunen sin økonomi.

Økonomiske berekraft har fått auka fokus i ny kommunelov, og skal Fjord kommune oppretthalde eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i framtida, er ein avhengig av at økonomien i kommunen er berekraftig. I dette ligg det at kommunen sine inntekter må dekke både kommunen sine utgifter og avsetting til ubundne fond. Driftsnivå må difor vere tilpassa desse føresetnadane.

Dette kapittelet av årsmeldinga viser dei lovfesta oppstillingane «Økonomisk oversikt drift», «Bevilgningsoversikt investering» og «Balanse» med status for kommunen. Til dette er det gjeve overordna kommentarar. Vidare er det måling av resultat og tal i 2023 mot vedtekne finansielle måltal. Dette er nærare omtala i kap 1.4. og viser at Fjord kommune heller ikkje i 2023 nådde dei fastsette mål. Det er svært stort avvik for to av måtala.

1.1 Driftsrekneskap

Økonomisk oversikt - drift		Rekneskap 2023	Revidet budsjett 2023	Opprinneleg budsjett 2023	Rekneskap 2022
1	Rammetilskot	- 142 187 083	- 150 086 000	- 147 786 000	- 142 342 197
2	Innteks- og formuesskatt	- 79 446 589	- 66 987 000	- 76 551 000	- 70 769 201
3	Egedomskatt	- 17 469 919	- 17 420 000	- 17 420 000	- 14 448 738
4	Andre skatteinntekter	- 13 578 086	- 12 991 329	-	- 13 176 612
5	Andre overføringer og tilskot frå staten	- 14 356 514	- 11 350 000	- 2 100 000	- 15 136 424
6	Overføringer og tilskot frå andre	- 72 298 322	- 51 960 854	- 66 257 683	- 58 078 629
7	Brukarbetalingar	- 13 473 275	- 12 489 100	- 12 339 100	- 13 133 410
8	Sals- og leigeinntekter	- 60 740 757	- 58 765 000	- 58 765 000	- 52 126 212
9	Sum driftsinntekter	- 413 550 545	- 382 049 283	- 381 218 783	- 379 211 423
10	Lønnsutgifter	209 226 731	201 635 027	200 609 727	200 463 210
11	Sosiale utgifter	44 887 667	45 863 084	44 502 884	42 067 850
12	Kjøp av varer og tenester	99 274 322	82 440 768	82 445 768	103 456 506
13	Overføringer og tilskot til andre	28 871 119	19 119 200	19 119 200	28 960 660
14	Avskrivningar	25 848 728	24 500 000	24 500 000	24 386 271
15	Sum driftsutgifter	408 108 567	373 558 079	371 177 579	399 334 497
16	Brutto driftsresultat	- 5 441 977	- 8 491 204	- 10 041 204	20 123 074
17	Renteinntekter	- 4 251 268	- 2 712 500	- 1 812 500	- 2 337 991
18	Utbytter	- 6 498 576	- 6 350 000	- 3 300 000	- 5 259 550
19	Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	- 291 475	- 350 000	- 350 000	108 052
20	Renteutgifter	20 989 943	21 050 000	20 350 000	10 340 173
21	Avdrag på lån	18 201 373	18 200 000	16 500 000	16 710 614
22	Netto finansutgifter	28 149 998	29 837 500	31 387 500	19 561 298
23	Motpost avskrivningar	- 25 848 728	- 24 500 000	- 24 500 000	- 24 386 271
24	Netto driftsresultat	- 3 140 708	- 3 153 704	- 3 153 704	15 298 101
25	Overføring til investering	-	-	-	-
26	Avsetting til bundne driftsfond	5 107 963	3 866 329	3 866 329	4 646 211
27	Bruk av bundne driftsfond	- 6 401 498	- 4 725 329	- 4 725 329	- 13 149 115
28	Avsetting til disposisjonsfond	-	32 704	32 704	-
29	Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
30	Dekning av tidlegare års meirforbruk	4 434 244	3 980 000	3 980 000	-
31	Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat	3 140 708	3 153 704	3 153 704	- 8 502 904
32	Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)	-	-	-	6 795 197

Fjord kommune sitt driftsrekneskap for 2023 viste eit netto driftsresultat på kr 3.140.708. Netto driftsresultat, samt bruk og avsetting til bundne fond, vart brukt til å dekke meirforbruk 2021 med kr 3.972.643, samt dekning av mindre del av meirforbruk 2022 med kr 461.601. Meirforbruk som må dekkast inn i 2024 er etter dette kr 6.333.595

Det var ei positiv utvikling i økonomien i 2023. Frå eit større negativt driftsresultat i 2022 vart dette positivt i 2023. Meirforbruk 2021 vart dekkast inn, slik Kommunelova krev. Det er fleire grunnar til forbetring av resultat. Fjord kommune fekk større inntekter enn forventa gjennom budsjett. I tillegg positivt avvik mot budsjett for finanspostar. Detaljar om dette vert

kommentert seinare i årsmeldinga. Sjølv om også driftsutgiftene vart større, vart det likevel totalt sett eit positivt resultat.

På eit overordna nivå vert det vist til at kommunedirektøren våren 2023 sette i verk følgjande tiltak:

- Innkjøpsregulering på alle område i kommunen
- Redusert aktivitet med investeringar
- Tilsettingstopp/-regulering
- Redusert bruk av overtid
- Tett oppfølging og rapportering

Det er vanskeleg å fastslå effekt av tiltak, men det ville truleg vore eit dårlegare resultat dersom desse tiltaka ikkje var sett i verk

I budsjett 2023 var det teke inn kr 13,65 mill i omstilling. Omstilling har vore gjennomført, men i løpet av året har det kome nye behov med auka ressursbruk som har redusert den synlege, økonomiske effekten av omstillingstiltaka.

1.2 Investeringsrekneskap

Bevilgningsoversikt - investering		Rekneskap 2023	Revidet budsjett 2023	Opprinneleg budsjett 2023	Rekneskap 2022
1	Investeringar i varige driftsmidlar	32 942 269	72 502 478	28 950 000	50 080 374
2	Tilskot til andre sine investeringar	582 901	573 197	400 000	443 905
3	Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1 009 682	1 000 000	1 000 000	922 974
4	Utlån av egne midlar				-
5	Avdrag på lån	-	-	-	-
6	Sum investeringsutgifter	34 534 852	74 075 675	30 350 000	51 447 253
7	Kompensasjon for meirverdiavgift	- 4 484 483	- 12 121 334	- 4 510 000	- 8 616 494
8	Tilskot frå andre	- 9 241 622	- 3 500 000	- 3 500 000	- 10 414 405
9	Sal av varige driftsmidlar	- 231 867			- 261 100
10	Sal av finansielle anleggsmidlar				- 4 563
11	Utdeling fra selskaper				-
12	Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	- 160 000			- 852 750
13	Bruk av lån	- 19 799 065	- 57 454 341	- 21 340 000	- 27 370 586
14	Sum investeringsinntekter	- 33 917 037	- 73 075 675	- 29 350 000	- 47 519 898
15	Vidareutlån	7 967 476	7 500 000	7 500 000	9 490 000
16	Bruk av lån til vidareutlån	- 7 967 476	- 7 500 000	- 7 500 000	- 9 490 000
17	Avdrag på lån til vidareutlån	1 691 419	600 000	600 000	919 867
18	Mottatte avdrag på vidareutlån	- 770 554	- 600 000	- 600 000	- 860 166
19	Netto utgifter vidareutlån	920 865	-	-	59 701
20	Overføring frå drift	-	-	-	-
21	Avsetting til bundne investeringsfond	15 927			270 945
22	Bruk av bundne investeringsfond	- 936 792			- 407 401
23	Avsetting til ubundet investeringsfond				692 750
24	Bruk av ubunde investeringsfond	- 617 815	- 1 000 000	- 1 000 000	- 4 543 350
25	Dekking av tidligare års udekkede beløp				-
26	Sum overføring frå drift og netto avsetningar	- 1 538 680	- 1 000 000	- 1 000 000	- 3 987 056
27	Framført til inndekking i seinare år (udekkede be	-	-	-	-

Investeringsutgifter var betydeleg lågare enn revidert budsjett for 2023. Revidert budsjett omfatta både nye, vedtekne investeringar 2023 og overført investeringar frå 2022. Det vert vist til kommentar under pkt 1.1. om tiltak iverksett av kommunedirektør. Eit tiltak var «Redusert aktivitet med investeringar». Difor vart det arbeid med få investeringsprosjekt i 2023, som igjen viser på utgifter til investering. Dei største prosjekta som vart gjennomført er Brannstasjon i Stordal og Helseplattforma. Det vert vist til nærare kommentarar under pkt 2.2. Avvik investering.

1.3 Balanse

	BALANSE	Regnskap 2023	Regnskap 2022
	A. Anleggsmidler		
	<i>I. Varige driftsmidler</i>		
1	Faste eigedommar og anlegg	627 985 777	627 505 295
2	Utstyr, maskiner og transportmidlar	29 881 445	23 359 731
	<i>II. Finansielle anleggsmidler</i>		
3	Aksjar og andelar	59 506 803	58 497 121
4	Obligasjonar	-	-
5	Utlån	54 375 530	47 338 608
6	<i>III. Immaterielle eigedelar</i>	-	-
7	<i>IV. Pensjonsmidlar</i>	531 926 835	481 866 764
	Sum anleggsmidler	1 303 676 390	1 238 567 518
	B. Omløpsmidlar		
8	<i>I. Bankinnskott og kontantar</i>	57 204 316	53 399 087
	<i>II. Finansielle omløpsmidler</i>		
9	Aksjar og andelar	-	11 311 178
10	Obligasjonar	-	-
11	Sertifikat	-	-
12	Derivat	-	-
	<i>III. Kortsiktige fordringar</i>		
13	Kundefordringar	35 001 483	57 422 425
14	Andre kortsiktige fordringar	6 664 143	8 578 685
15	Premieavik	46 561 491	17 661 714
	Sum omløpsmidlar	145 431 433	148 373 088
	SUM EIGEDELAR	1 449 107 823	1 386 940 606

	C. Eigenkapital		
	<i>I. Eigenkapital drift</i>		
16	Disposisjonsfond	-	-
17	Bundne driftsfond	12 980 767	13 563 131
18	Meirforbruk i driftsregnskapet	- 6 333 596	- 10 767 840
19	Mindreforbruk i driftsregnskapet		-
	<i>II. Eigenkapital investering</i>		
20	Ubunde investeringsfond	14 002 685	14 620 501
21	Bundne investeringsfond	2 619 603	4 251 640
22	Udekket beløp i investeringsregnskapet		-
	<i>III. Anna eigenkapital</i>		
23	Kapitalkonto	317 730 085	294 259 009
24	Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift	5 724 882	5 724 882
25	Prinsippendringar som påverka arbeidskapitalen investering	-	-
	Sum eigenkapital	346 724 427	321 651 323
	D. Langsiktig gjeld		
	<i>I. Lån</i>		
26	Gjeld til kredittinstitusjonar	490 637 750	472 928 502
27	Obligasjonslån		-
28	Sertifikatlån		-
29	II. Pensjonsforpliktelse	540 864 312	507 100 305
	Sum langsiktig gjeld	1 031 502 062	980 028 807
	E. Kortsiktig gjeld		
	<i>I. Kortsiktig gjeld</i>		
30	Leverandørgjeld	19 992 004	36 616 367
31	Likviditetslån		-
32	Derivat		-
33	Anna kortsiktig gjeld	50 889 331	48 644 109
34	Premieavvik	-	-
	Sum kortsiktig gjeld	70 881 335	85 260 476
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	1 449 107 823	1 386 940 606
	F. Memoriakonti		
35	I.Ubrukte lånemidlar	45 555 756	44 082 257
36	II. Andre memoriakonti	3 479 859	3 195 407
37	III. Motkonto for memoriakonti	- 49 035 615	- 47 277 664

Balansen viser nivå og utvikling på nokre viktige postar.

Fjord kommune har svak likviditet, det viser bokført bankinnskott pr 31.12. I 2023 vart det opna mulegheit for kassekreditt på kr 25,0 mill, utan at det vart nødvendig å bruke denne trekkgrensa. I 2024 har administrasjonen fått fullmakt gjennom politisk vedtak, til å opne driftskreditt på inntil kr 40,0 mill.

Kommunen si gjeld til kredittinstitusjonar auka i 2023, men det bør takast omsyn til at ein del av dette er lån til vidareutlån. Det vart også teke opp lån på kr 8,361 mill, utanom lån til investeringar, for dekke avvik mellom berekna kapitalkonto og bokført saldo på kapitalkonto.

Både pensjonsmidlar og pensjonsforpliktelsar auka. Det er særleg grunn til å merke seg balanseført premieavvik på pensjon. Dette skal førast tilbake i drifta over sju år frå det året vart ført inn i rekneskapet og vil gje belastning i drifta dei komande åra.

Balansen viser at det ikkje var disposisjonsfond i Fjord kommune, medan det var eit beskjedent beløp avsett på ubunde investeringsfond

Ubrukte lånemidler knytt til investeringsutgifter var pr 31.12. kr. 38,227 mill, ein auke på kr 1,940 mill. Tilsvarande for ubrukte lånemidler til vidareutlån, kr 7,328, ein reduksjon på kr 0,467 mill

1.4 Finansielle måltal

Fjord kommune har vedteke følgjande finansielle måltal. Dette skal vere førande for økonomiforvaltinga i kommunen:

- 1. Netto driftsresultat i % av driftsinntekter** **minimum 1,75 %**
Dette er i samsvar med Teknisk beregningsutval (TBU) si tilråding om nivå på målalet.
- 2. Disposisjonsfond i % av driftsinntekter** **minimum 10 %**
- 3. Netto lånegjeld i % av driftsinntekter** **maksimum 85 %**

1.4.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat for Fjord kommune var i 2023 kr 3.140.708. Dette vert rekna ut med brutto driftsresultat (driftsinntekter – driftsutgifter), minus netto finansutgifter og pluss avskrivningar. Ved å måle dette mot driftsinntekter får vi følgjande nøkkeltal

Måltal Fjord kommune Minimum 1,75 % Resultat 2023: 0,8 %

Dersom Fjord kommune skulle nå målalet for 2023 måtte netto driftsresultat vere kr 7,327 mill; altså ei resultatforbetring på knappe kr 4,1 mill.

Kostratal viser netto driftsresultat målt mot driftsinntekter på 0,8 % for nasjonalt nivå. Altså ligg Fjord kommune på same nivå som gjennomsnitt for Noreg, men godt under fastsett måltal.

Tal i mill kroner	2019	2020	2021	2022	2023
Driftsinntekter	332,729	335,122	341,393	379,211	413,551
Nto driftsresultat	- 4,144	1,715	- 6,831	- 15,298	3,141
Nto driftsres av driftsinnt	-1,2 %	0,5 %	-2,0 %	-4,0 %	0,8 %

Tabell viser utvikling siste fem år (2019 samla for Stordal og Norddal).

Fjord kommune har hatt negativt netto driftsresultat tre av dei fem siste åra. Det vil difor verte særst viktig at forbetringa som viser for 2023 vert vidareført i 2024 med budsjett disiplin og god styring

1.4.2 Disposisjonsfond

I samsvar med ny kommunelov skal kommunen disponere årets meir-/mindreforbruk ved avslutning av rekneskap. Vanlegvis vert mindreforbruk avsett til disposisjonsfond, i tillegg til ev budsjettert avsetning til fondet.

Netto driftsresultat 2023 for Fjord kommune vart, etter bruk og avsetning til bunde fond, disponert i samsvar med budsjett til dekning av meirforbruk frå 2021 på kr 3.972.643. Resterande beløp kr 461.601 kunne vorte avsett til disposisjonsfond, men då Fjord kommune har udekket meirforbruk frå 2022 vart beløp ført til reduksjon av dette meirforbruket i samsvar med rekneskapsforskrifta § 4-3, 2. ledd. Avsetning til disposisjonsfond vart difor kr 0 i 2023 og Fjord kommune har framleis ikkje disposisjonsfond.

Måltal Fjord kommune Minimum 10 % Pr 31.12.23 0 %

Dersom Fjord kommune skulle nå måltalet pr 31.12.23 måtte kommune ha eit disposisjonsfond på kr 41,3 mill

tal i mill kroner	2019	2020	2021	2022	2023
Driftsinntekter	332,729	335,122	341,393	379,211	413,551
Disposisjonsfond	1,905	2,664	-	-	-
Dispfond av driftsinnt	0,6 %	0,8 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Tabell viser utvikling siste fem år (2019 samla for Stordal og Norddal).

Fjord kommune ligg som tabellen viser, langt unna fastsett måltal. Det vil gå mange år før måltal er nådd sjølv med gode netto driftsresultat. Slik sett kan målet verke urealistisk, men Fjord kommune må ha resultat og avsette til fond for å kunne møte utfordringar i komande år.

1.4.3 Gjeldsgrad

Fjord kommune har høg del lånefinansiering av investeringar, noko som gjev store utgifter til renter og avdrag i driftsrekneskapen.

Måltal Fjord kommune Maksimum 85 % Pr 31.12.23 94,5 %

Dersom Fjord kommune skulle nå måltalet pr 31.12.23, måtte netto lånegjeld vere kr 351,5 mill. Altså kr 39 mill lågare enn den reelt er.

tal i mill kroner	2019	2020	2021	2022	2023
Driftsinntekter	332,729	335,122	341,393	379,211	413,551
Netto lånegjeld	394,596	367,525	370,055	381,508	390,636
Nto lånegjeld av drift	118,6 %	109,7 %	108,4 %	100,6 %	94,5 %

Tabell viser utvikling siste fem år (2019 samla for Stordal og Norddal).

Netto lånegjeld 2023 er utrekna slik:

Gjeld til kredittinstitusjonar	490 637 750
- Utlån Arena Overøye AS	1 279 903
- Ansvarleg lån Tafjord Kraft	14 250 000
- Formidlingslån	38 845 627 54 375 530
- Ubrukte lånemidlar	38 227 063
- Ubrukte lånemidlar startlån	7 398 693 45 625 756
Netto lånegjeld	390 636 464

Gjeldsgraden gjekk ned frå 2022 til 2023 og den har vist ein synkende tendens gjennom dei siste åra. Det er fleire grunnar til dette. Fjord kommune har hatt ein jamn auke i driftsinntektene som er grunnlaget for utrekninga. Eit anna forhold er ubrukte lånemidlar; der det både i 2022 og 2023 var forholdsvis store beløp som vart lånt opp og ikkje brukt til finansiering av investeringar. Dette har samanheng med lågt investeringsnivå i høve til budsjett og planar.

Dersom ein ser vekk frå ubrukte lånemidlar ville differansen mellom måltal og netto lånegjeld verte om lag kr 84,5 mill kr. Fjord kommune betalar årleg knappe kr 20 mill i avdrag på lån, inkl formidlingslån frå Husbanken. Det vil difor gå fleire år med nedbetaling og utan opplåning, før måltal vert nådd. Ein ta omsyn til forventning om auka driftsinntekter, men det

kan verke urealistisk å gjennomføre investeringar utan lånefinansiering, eller ikkje å gjennomføre investeringar.

Fjord kommune må vere varsam med å pådra seg meir gjeld når forholdet mellom netto lånegjeld og driftsinntekter ikkje er på nivå tilsvarande fastsett måltal.

2. Vesentlege avvik

Iflg Kommuneleven §14-7, 2. ledd pkt b, skal kommunen i si årsmelding gjere greie for «vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskapet, og vesentlege avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruk av bevilgningene».

Fjord kommune sitt budsjett for 2023 var vedteke på ansvar- eller verksemdsnivå og då har oppfølging og kontroll vore på dette nivået. Når «vesentlege avvik» skal gjerast greie for, er det difor teke utgangspunkt i dette. Budsjett og ev budsjettjusteringar er politisk vedteke og det er ei administrativ oppgåve å følgje opp vedtekne løyvingane.

2.1 Avvik drift

Alle verksemdar og område hadde mindre og større avvik, både positive og negative, i driftsrekneskapen høve til budsjett,. Kva som er «vesentlege avvik» er eit vurderingssjåsmål. Det er i årsmeldinga teke utgangspunkt i avvik på kr 0,5 mill eller større, men også dersom prosentvise avvik er store vert det kommentert

Kommen tar nr	Område/verksemd	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2023	Vesentleg budsjettavvik
	FINANS			
1	Rammetilskot	142 187 083	150 086 000	- 7 898 917
1	Skatteinntekter	89 512 844	76 551 000	12 961 844
2	Konsesjonskraft	18 496 991	17 857 300	639 691
3	Andre generelle driftsinntekter	14 356 514	11 350 000	3 006 514
4	Finaninntekter	11 044 684	9 412 500	1 632 184
				-
	VERKSEMDER			-
5	Politisk organisering	2 372 522	1 919 844	- 452 678
6	Kommunedirektør	1 953 422	1 585 970	- 367 452
7	Omstilling sentraladministr		- 1 830 500	- 1 830 500
8	Felles adm oppvekst/kultur	3 941 574	3 018 589	- 922 985
9	Stordal skule	15 390 897	16 842 326	1 451 429
10	Valdal skule	17 402 819	19 010 240	1 607 421
11	Fjord vaksenopplæring	- 199 476	- 554 759	- 355 283
12	Omstilling oppvekst/kultur		- 2 100 000	- 2 100 000
13	Fjord legekantor	3 853 611	4 825 704	972 093
14	Psykiatri	4 219 541	5 026 870	807 329
15	Psykolog	1 293 655	848 021	- 445 634
16	Barnevern	6 599 992	4 490 000	- 2 109 992
17	Sosialteneste/NAV	2 138 017	2 667 000	528 983
18	Flyktingtenester	4 818 672	3 254 790	- 1 563 882

Kommen tar nr	Område/verksemd	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2023	Vesentleg budsjettavvik
19	Valldal sjukeheim	29 379 694	25 087 737	- 4 291 957
20	Habilitering Stordal	6 938 052	12 424 353	5 486 301
21	Omstilling pleie omsorg velferd		- 3 800 000	- 3 800 000
22	Bygg og kommunalteknikk	1 428 838	2 243 752	814 914
23	Plan byggesak oppmåling	3 302 133	1 957 035	- 1 345 098
24	Brannvern	6 229 856	5 797 490	- 432 366
25	Sjølvkostområda	- 5 672 788	- 4 861 246	811 542
26	Kommunale bygg og eigedommar inkl reinhald	16 457 915	15 005 117	- 1 452 798
27	Omstilling teknisk landbruk miljø		- 1 000 000	- 1 000 000

1. Rammetilskot og skatteinntekter

Rammetilskotet og skatteinntekter vart budsjettert med grunnlag frå statsbudsjettet som vart lagt fram i oktober 2022. Tal vart jamleg oppdatert i KS sin prognosemodell gjennom rekneskapsåret. Dette gav grunnlag for endring av budsjett.

Tal i tabell er naturressursskatt på kr 10.128.723 inkludert i skatteinntekter Rammetilskotet og skatteinntektene må sjåast i samanheng då det vert gjort inntektsutjamning i høve til nivå på skatteinntekter, målt pr innbyggjar mot nasjonalt nivå.

Fjord kommune hadde god skatteinngang i 2023, særleg dei siste månadane og betydeleg betre enn gjennomsnittet for Noreg. Difor vart skatteinntekter godt over budsjett. Det medførte imidlertid lågare inntektsutjamning enn forventa, slik at nivå på rammetilskot vart under budsjett.

Totalt vart rammetilskot og skatteinntekt vel kr 5,0 mill over budsjett

2. Konesjonskraft

Volum på vel 60 GWh vart i 2023 seld på fastpris for heile året til Entelios AS.

Pris til Tafjord Kraftproduksjon AS vart fastsett av NVE. I tillegg kom kostnad med innmating på nett. Ved budsjettering var det rekna for høge kostnader med innmating slik at det i 2023 vart eit positivt avvik

Rauma Energi AS leverte også eit mindre volum konesjonskraft som selskapet selde i marknaden for Fjord kommune til spotpris.

3. Andre generelle driftsinntekter

Posten omfatta statstilskot i samband med mottak av flykningar, rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken og overføring frå Havbruksfondet for oppdrettsanlegg i sjø.

Fjord kommune tok i 2023 mot fleire flykningar frå Ukraina enn føreset, slik at tilskotet vart kr 2,1 mill over budsjett. Overføring frå Havbruksfondet vart også kr 0,5 mill over budsjett

4. Finansinntekter

Med eit stigande og høgt rentenivå, vart finansinntekter over revidert budsjett. Dette omfatta både for renter på likviditet i bank, rente på ansvarleg lån til Tafjord Kraft AS og renter på startlån. Utbytte frå Tafjord Kraft AS og Ørskog Energi AS var også over budsjettert nivå.

5. Politisk organisering

Avviket skuldast i hovudsak utgifter i samband med kommuneval hausten 2023. Det var ikkje budsjettert høge nok utgifter til dette.

6. Kommunedirektør

I samband med tilsetting av ny kommunedirektør kom det til utgifter som ikkje var budsjettert. M.a. kom det utgifter ved bruk av rekrutteringsbyrå. Dette tilsvara avviket på ansvaret.

7. Omstilling sentraladministrasjonen

I revidert budsjett stod det att omstilling med kr 1,830 mill. Tilstrekkelege, nødvendige tiltak vart ikkje gjennomført og difor hadde budsjettposten saldo ved årsavslutning. For hovudområde Sentraladministrasjonen var det eit negativt avvik på kr 2,437 mill. Dette inkludera budsjettposten «Omstilling sentraladministrasjon»

8. Felles adm oppvekst/kultur

Det var budsjettert lønnsutgifter til kommunalsjef berre for dei første månadane i 2023. Ny kommunalsjef måtte konstituerast i mai, då kommunedirektør som hadde fungert også som kommunalsjef, slutta i kommunen. Dette gav eit større budsjettavvik. I tillegg vart utgifter til skuleskyss og PPT med Ålesund kommune som vertskommune, høgare enn forventa i budsjett

9. Stordal skule

Hadde eit positivt avvik i høve til budsjett. Grunnen til dette var lågare lønnsutgifter. Ved fråvær av lærarar vart det i større grad brukt ufaglærde vikarar. Dette gav eit positivt økonomisk utslag særleg ved sjukefråvær og refusjon frå NAV. Det var også eit lågt nivå på fleire forbrukspostar. Stordal skule fekk refusjonar i samband med vidareutdanning og gjesteelevar som ikkje var budsjettert på tilsvarande nivå

10. Valldal skule

Hadde eit positivt avvik i høve til budsjett. Også Valldal skule hadde store sjukepengerefusjonar frå NAV, utan at det var tilsvarande utgifter til lønn. Ved fråvær av lærarar vart det i større grad brukt ufaglærde vikarar. Dette gav eit positivt økonomisk utslag. Det var også eit lågt nivå på fleire forbrukspostar.

11. Fjord vaksenopplæring

Dette omfatta norskopplæring for utlendingar, og i 2023 hovudsakleg flyktningar frå Ukraina. Mottaket var større enn forventa og difor også fleire som fekk opplæring med høgare utgifter. Tenesta var finansiert med statleg overføring, men dette dekkja mindre av dei totale utgiftene enn føresett

12. Omstilling oppvekst kultur

I revidert budsjett er det lagt inn omstilling med beløp på kr 2,10 mill. Tilstrekkelege, nødvendige tiltak vart ikkje gjennomført og difor hadde budsjettposten saldo ved årsavslutning

For hovudområde Oppvekst kultur er det eit negativt avvik på kr 0,480 mill. Dette inkludera budsjettposten «Omstilling oppvekst kultur»

13. Fjord legekantor

Lønnsutgiftene var lågare enn budsjettert p.g.a. permisjonar og utgifter til vikarar også var låge. Noko av vikarbehovet vert dekkja med LIS/turnuslegar der det var delvis dekning av lønn ved statleg tilskot.

14. Psykiatri

Det var store utgifter til denne tenesta og i 2023 dukka det opp ekstra behov som påførte ytterlegare utgifter. Delar av utgifter vert dekkja av statleg tilskot til ressurskrevjande brukarar. Dette tilskotet vart berekna ekstra stort i 2023 og difor kjem tenesta ut med positivt avvik mot budsjett.

15. Psykolog

Kommunepsykolog vart tilsett 1.1.23. Det var imidlertid manglande lønnsbudsjett for heile 2023. I tillegg var det forventa avtale om sal av tenester som ikkje var muleg å etablere. Dette medførte negativ budsjettavvik.

16. Barnevern

Eit område som er utfordrande å budsjettere då det kan kome til tiltak som er vanskeleg å føresjå. Dette var tilfelle i 2023 då det kom til fleire utgiftskrevande tiltak i siste del av året og gav eit svært stort avvik. Barnevernstenester vart kjøpt frå Stranda kommune gjennom eit vertskommunesamarbeid

17. Sosialteneste/NAV

Teneste vart kjøpt frå Ålesund kommune gjennom eit vertskommunesamarbeid. Det var i 2023 mindre utbetalingar til tiltak enn forventa. Dette til tross for fleire busette flyktningar som også kunne bruke tenesta. Utgifter til drift av teneste var i samsvar med det Ålesund kommune meldt til budsjettet.

18. Flyktningtenester

Det var mottak av fleire flyktningar frå Ukraina enn det som var føresett ved starten av 2023. Dette gav større utgifter til drift av tenesta, ekstra språkhjelp til barn i skulen, introduksjonsstønad og utgifter til husvære inkl inventar. Det var også vanskeleg å budsjettere for området, då det ikkje var særleg erfaring med kva behov dei mottatte ville ha. I tillegg til utgifter ført på verksemda medførte mottak av flyktningar også auka utgifter for barnhage, skule, helse og teknisk drift. Desse utgiftene vart ført på dei respektive verksemdene.

Statleg tilskot i samband med mottak av flyktningar vart ført under fellesområde «Andre felles driftsinntekter».

19. Valldal sjukeheim

Hadde vakansar i personalet og i tillegg var det pasientar med ekstra behov for pleie. Dette var vanskeleg å dekke med ordinær vikarbruk. Difor var det overtid og særleg innleige frå vikarbyrå som påførte verksemda store utgifter. Det var også utgifter til rekruttering av sjukepleierar som ikkje var budsjettert. Inntekter for opphald er over budsjett, men det på langt nær tilstrekkeleg å unngå eit større avvik i høve til budsjett

20. Habilitering Stordal

Dei fleste brukarar innan habiliteringstenesta er definert som ressurskrevjande og det er statleg tilskot til drift av tenesta.

Dette vart betydeleg høgare enn forventa i 2023 både p.g.a. utvida tenester og høgare utgifter, men også ut frå måten tilskotet vart utrekna. Fjord kommune er

definert som liten og inntektsvak kommune med høge utgifter til ressurskrevande brukarar og fekk difor ekstra statleg tilskot.

Habilitering Valldal hadde også positivt budsjettavvik, men eit mindre beløp enn Stordal.

21. Omstilling helse pleie velferd

I revidert budsjett er det lagt inn omstilling med beløp på kr 3,80 mill. Tilstrekkelege, nødvendige tiltak vart ikkje gjennomført og difor hadde budsjettposten saldo ved årsavslutning

For hovudområde Helse pleie velferd er det eit negativt avvik på kr 4,032 mill. Dette inkludera budsjettposten «Omstilling helse pleie velferd»

22. Bygg og kommunalteknikk

Det var vakansar i stillingar på området i 2023. I tillegg sjukefråvær som ikkje vart dekkja med innleige, men der det var refusjon av sjukepengar frå NAV. Totalt gav dette eit stort positivt avvik mot budsjett.

23. Plan byggesak oppmåling

Det var utgifter til diverse utgreiingar med innleigd kompetanse, t.d. med skredfarevurderingar. I budsjettet var det forventa større aktivitet med byggesaker, oppmåling, privat regulering mm. Dette er tenester som er gebyrlagt, og gebyrintekter vart difor betydeleg lågare enn budsjettet.

24. Brannvern

I løpet av 2023 vart det gjort tilpassing i avtalar med brannmannskap, slik at lønnsutgifter auka. I siste del av året var det fleire større brannar og hendingar med stor ressursinnsats. Dette var også i andre kommunar som medførte refusjon. Brannvern er eit komplekst området med mykje utstyr som skal driftast og vedlikehaldast, og mannskap må vere oppdatert på kompetanse.

25. Sjølvkostområda

For sjølvkostområda er det eigen berekning og oppfølging for å sjå at gebyr dekker dei utgifter kommunen har til drift av tenestene, men også for å ha kontroll med at kommunen ikkje tek for høge avgifter. Ev overskot i berekninga skal avsettast til bunde fond, tilsvarande skal underskot dekkast ved bruk av bunde fond.

Sjølvskost går inn i kommunen sitt driftsrekneskap.

I 2023 vart resultatet totalt for sjølvkost betre enn budsjettet. Grunnen var i hovudsak at renovasjon som gjekk med overskot som gjekk til dekning av del av tidlegare års underskot. Underskot må først dekkast før det kan avsettast til bunde fond.

26. Kommunale bygg og eigedommar inkl reinhald

Det som særleg belasta bygg og eigedommar i 2023 var energiutgifter. Straumpris varierte gjennom året, men særleg på slutten av året vart den høg. For bygg i Valldal sentrum knytt til fjernvarmeanlegg vart utgiftene til oppvarming over budsjett. Det var svært begrensa med vedlikehald som vart utført, men nødvendige tiltak måtte gjennomførast. Tafjordbadet hadde ikkje forventa inntening. På reinhald var det stort sjukefråvær, utan at det alltid vart dekt opp med innleige. Difor kom reinhaldsområdet ut om lag i balanse mot budsjett.

27. Omstilling teknisk miljø landbruk

I revidert budsjett er det lagt inn omstilling med kr 1,00 mill. Tilstrekkelege, nødvendige tiltak vart ikkje gjennomført og difor hadde budsjettposten saldo ved årsavslutning

For hovudområde Teknisk landbruk miljø er det eit negativt avvik på kr 2,762 mill. Dette inkludera budsjettposten «Omstilling teknisk landbruk miljø»

Pensjon - premieavvik

Fjord kommune si pensjonsbetaling til KLP og SPK belasta rekneskapet med kr 47,482 mill. Premieavvik i KLP og SPK var aktuarrekna til kr 26,122 mill som vart ført som inntekt

Netto pensjonsutgift belasta dritsrekneskapet med kr 21,361 mill. Tilsvarende var det budsjettert kr 22,031 mill. Rekneskap og budsjett var fordelt på verksemdene på grunnlag av tal på årsverk og medlemmar i pensjonskassene.

Det måtte betalast arbeidsgjevaravgift av pensjonsbetaling med kr 5,03 mill.

Tilsvarende vart det berekna arbeidsgjevaravgift av premieavvik på kr 2,78 mill

Samla for netto pensjonskostnad med arbeidsgjevaravgift var det eit positivt avvik i høve til budsjett på om lag kr 0,7 mill.

2.2 Avvik investering

Tabellen viser investeringsprosjekt 2023

I K.sak 38/23 vart det gjort følgjande vedtak:

Vedlagte oversikt over prioritering og gjennomføring av investeringsprosjekt vert lagt til grunn for Fjord kommune sin aktivitet i 2023. Budsjettprosess for 2024 og ny økonomiplanperiode vil vere førande for prioritering vidare framover.

Investeringsutgifter pr. prosjekt. Beløp inkl. mva		Regnskap 2023	Revidert budsjett 2023	Budsjett 2023	Prioritert Ksak 38/23
I130101	Digitalisering av gml.arkiv	141 113	514 737	-	300 000
I130202	Digitalisering/IKT felles plattform	737 799	750 000	750 000	750 000
I130203	Systemutvikling	-	100 000	-	100 000
I200001	Digitale læremidlar	-	73 623	-	
I241001	Biblioteksystem	-	100 000	-	
I300010	Helseplattforma	9 755 359	8 025 133	-	8 025 133
I133002	Kyrkja	528 095	573 197	400 000	573 197
I420501	Investering i bilar	-	400 000	400 000	400 000
I421002	Parkering Ytterli,Rønneberg	-	198 900	-	
I421003	Vegar/bruer Stordal	-	2 000 000	2 000 000	1 000 000
I421004	Veg øvre Dyrkorn	-	2 492 827	-	
I421005	Griggås, veg og tekn.anlegg	386 196	595 054	-	595 054
I421006	Grunnerverv tidlegare prosjekt	24 011	155 348	-	155 348
I421007	Rekkverk	-	150 000	150 000	
I421008	Oppgradering/asfaltering vegar	-	1 000 000	1 000 000	
I421009	Skibru Kvittlane (utb.midlar)	-	2 000 000	-	
I430001	Planarbeid Muribugen	-	500 000	-	
I430002	Planarbeid Omenås bustadfelt	-	1 150 000	-	
I430003	Tettstadutvikling	200 922	-	-	
I430004	Oppgradering/sikring av leikeplassar	178 199	200 000	200 000	200 000
I430005	Planarbeid sjøareal	535 955	-	-	
I430006	Sentrumsutvikling	-	250 000	250 000	
I430007	Kartlegging skredfare Fjord komm.	24 142	671 906	-	671 906
I430008	Arealplan	71 042	1 000 000	850 000	200 000
I430009	Reguleringsplan Eidsdal	-	150 000	-	
I430010	Industriområder, nye areal	-	750 000	-	
I430011	Rassikring hyttefelt og bustadomr.	-	565 208	-	565 208
I450004	Brann	-	150 000	150 000	
I470101	Vassverketbygging Fjord	1 068 874	5 586 906	3 000 000	3 000 000
I470201	Avløpsanlegg Fjord	1 282 352	4 488 818	3 000 000	3 000 000
I430012	Justeringsavtale Furuhaugvegen hyttefelt AS	4 622 000			
I492003	Eidsdal skule oppgradering	446 597	14 402 602	11 500 000	350 000
I492006	Oppgradering/utviding Syltebøen bhg	318 897	11 703 414	5 000 000	250 000
I492008	Stordal skule, rehab.	-	132 077	-	
I492301	Valldal Fjernvarme,undersentralar	595 746	500 000	500 000	
I492302	Brannstasjon Stordal	11 241 861	11 289 087	-	11 289 087
I492403	Utstyr Valldal sjukeheim	132 503	-	-	
I492404	Helsehus Stordal	1 133 256	256 838	200 000	1 000 000
I492405	Ombygging Simamarka 18	100 251	-	-	100 251
I492406	Elvetun, ombygging	-	200 000	-	200 000
		33 525 170	73 075 675	29 350 000	32 725 184

Oversikt omfattar også tilskot til investeringar for kyrkja. I «Bevilgningsoversikt, investering», kap 1.2, er det sett opp som «Tilskot til andre sine investeringar»

Investeringar 2023 var på kr 33,525 mill., inkl tilskot til andre sine investeringar. Budsjett 2023 og vidareførte investeringar frå 2022 var på til saman kr 73,076 mill.

I Ksak 38/23 var det vedtak om prioritering av investeringar til ein verdi på kr 32,725 mill. Det vil difor vere korrekt å kommentere avvik mellom gjennomførte investeringar og prioritering i Ksak 38/23. «Vesentlege avvik».

I300010 Helseplattforma

Fekk eit større avvik mellom gjennomført og budsjett. Dette skuldast i hovudsak utgifter til kjøp av utstyr og lønnsutgifter i samband med prosjektleiing, planlegging for innføring og overføring og registrering av data i Helseplattforma. Utgifter til Helseplattforma AS vart som budsjettert

I420501 Investering i bilar

Investering i bilar vart utsett til 2024, då det ikkje var budsjettert tilstrekkeleg midlar for kjøp av bil i 2023.

Investering i ulike vegprosjekt

Det var innhenta prisar på større tiltak på vegar og bruer, men gjennomføring utsett til 2024.

I430003 Tettstadsutvikling

Sluttoppgjer for prosjekt i Valldal sentrum. Fullfinansiert med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune

I430005 Planarbeid sjøareal

Utarbeiding av felles sjøarealplan for Sykkylven, Stranda og Fjord kommune. Medfinansiering frå dei andre kommunane og Møre og Romsdal fylkeskommune.

I430007 Kartlegging skredfare Fjord kommune

Få tiltak gjennomført 2023. Større arbeid ligg klar for gjennomføring i 2024

I430008 Arealplan

Arbeid vart sett i gong seint i 2023

I430011 Rassikring hyttefelt og bustadområder

Uavklart kva ansvar Fjord kommune har. Utgreiing/prosjektering av ulike tiltak pågår.

I470101 Vassverkutbygging Fjord/I470201 Avløpsanlegg Fjord

Det er avsett store beløp til investering. Manglande kapasitet for gjennomføring p.g.a. vakanse på teknisk drift. Det er også nødvendig med ein større og omfattande plan for utbygging.

I430012 Justeringsavtale Furuhaugen hyttefelt AS.

Vederlagsfri overtaking av vatn-/avløpsanlegg etter eigen avtale. Fjord kommune krev refusjon av betalt mva fordelt over 10 år, og der utbyggar får overført del av refundert mva. Verdi av overtaking er ført under finansieringsinntekt, «Tilskot frå andre» i skjema kap 1.2.

I492301 Valldal Fjernvarme, undersentralar

Nødvendig investering for oppgradering av varmesentral. Fjord kommune er eigar av alt produksjonsutstyr for varme/kulde. Dette vert utleigd til Valldal Fjernvarme AS. Investeringar i produksjonsutstyr må finansierast av Fjord kommune.

3. Måloppnåing - ikkje økonomiske forhold

3.1 Kommuneplanen

3.1.1 Samfunnsdelen av kommuneplanen

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken og gjeldande frå 2022. Administrasjonen ser samfunnsdelen av kommuneplanen som eit godt verktøy for å nå målsettingane som både innbyggjarane, politikarane og administrasjonen har sett seg.

Fjord kommune sin visjon er «Gode vekstvilkår». Knytt til dette er fleire kvalitetar som ein ønskjer skal prege Fjord kommune

- Livskraftig
- Skapande
- Nær
- Raus
- Berekraftig
-

I planen er det fastsett fire hovudmål, basert på FN sine berekraftsmål. Mål 3 – God Helse – og mål 17 – Samarbeid for å nå måla – er gjennomgåande i alle Fjord kommune sine mål

- Vidareutvikle det gode livet
- Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen
- Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
- Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

Kvart hovudmål er utdjupa og det er vidare sett opp delmål, tiltak og ansvar for gjennomføring.

Det tek tid å innarbeide ein så omfattande plan og dette vil skje gradvis. Fokus i denne perioden har vore å få ein systematikk inn mot økonomiplan og andre kommunale planar og at samfunnsdelen skal vere førande mot verksemdene sitt årlege mål- og planarbeid. Fjord kommune har ein vanskeleg økonomi og det er stort fokus på å få kontroll på dette. Difor kan det vere vanskeleg å sette i gang ny tiltak i samsvar med samfunnsdelen.

3.1.2 Arealdelen av kommuneplanen

Fjord kommune har ikkje arealdel av kommuneplanen for Fjord kommune. Både Norddal og Stordal kommune hadde plan før samanslåing, men det har ikkje vorte laga felles plan. Dette arbeidet vert no prioritert med oppstart i slutten av 2023. Det er eit stort arbeid som vil gå over fleire år både med innleigd kompetanse og eigne tilsette

3.2 Klimabudsjett

Klimabudsjett 2023 vart godkjent i Ksak 87/22, saman med vedtak om Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026.

Klimabudsjett har følgjande langsiktige mål

- Innan 2030 skal klimagassutsleppa være redusert med minst 40 prosent samanlikna med 2009. Innan 2023 skal utslepp være redusert med 20 prosent.
- Fjord kommune skal medverke til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimagassutslepp innan 2050 gjennom kraftig å redusere utsleppa og auke opptaket av CO₂.
- Fjord kommune skal bidra til å oppnå det globale lavutslippssamfunnet innen 2050.
- Innan 2050 skal all energibruk i Fjord være fossilfri eller avfallsbasert

Det går tid før statistikk for utslepp ligg føre slik at det er vanskeleg å sjå om mål er nådd for 2023. Iflg data t.o.m. 2021 har det vore ein betydeleg reduksjon i utslepp av klimagassar, slik at målet om reduksjon med 20 % frå 2009 til 2023 vil vere realistisk å nå.

På tiltaksida er bruk av fjernvarme utvida til nye bustader i Syltemoa. Elektrifisering av ferje Linge – Eidsdal er i arbeid. Andre tiltak vert teke vidare til komande år

3.3 Folketal

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Innbyggjarar pr 31.12.	2592	2549	2502	2491	2494	2492
Fødte i året	20	13	19	17	10	17
Døde i året	25	35	26	20	25	35
Innflytta	85	105	86	124	130	132
Utflytta	130	126	126	132	112	116

Tal for 2018 og 2019, Stordal og Norddal samla

Tabellen viser ein synkende tendens i utvikling av folketalet, sjølv om det etter samanslåing til Fjord kommune har vore ganske stabilt. Det har i alle år vore fødselsunderskot, slik at det innflytting som har stoppa folketalsnedgangen. I folketalsutviklinga er det dreining frå yngre og yrkesaktive til stadig fleire eldre i pensjonsalder. Dette vil måtte påverke Fjord kommune si tenesteyting. Prognoser for folketalsutvikling viser same tendens; vidare nedgang i folketal og endring i alderssamansetning.

3.4 Tenester

3.4.1 Interkommunalt samarbeid

Frå 2022 har det vore avtale med Stranda kommune om barnevernsteneste, med Stranda som vertskommune. I 2023 har det vore ein sterk auke kostnadar knytt til barnevernstiltak. I forhold til 2022 er veksten på 335%. Ansvar for finansiering av tiltak har i større grad blitt overført til kommunen i samband med ny oppvekstreform.

Det er samarbeidsavtale frå 2022 med Stranda kommune om brann- og redningsteneste, hadde. Avtalen er framleis i oppstartfasen der ein haustar ein del erfaringar. M.a. vil det kome på plass avtale om overordna vakt.

NAV tenester er levert gjennom vertskommunesamarbeid med Ålesund kommune. Det er auka utbetalingar i sosialhjelp og nødhjelp samtidig som det er reduksjon i utbetalt kvalifiseringsstønad. Veksten i stønadsutbetalingar mellom 2022 til 2023 var 9,1 %

Legevakt, ØHD og overgrepsmottak er levert gjennom vertskommunesamarbeid med Ålesund kommune. I 2023 har avtalene vorte reforhandla i samband med at nye Haram vart utskilt som eiga kommune. Det har vore utfordringar med å få nok legar til å drifte Ørskog. Det er gjennomført justeringar i opningstid og kompensasjon for legevakslege.

Avtale om PPT med Ålesund kommune vart oppsagt i 2023 og vert overført til Stranda kommune i løpet av 2024

Stranda kommune er avtalepart for skogbruksleiar.

Fjord kommune har offentleg samarbeid om IKT med Ålesund, Sula og Giske kommunar som avtalepartar. Samarbeidet går under namnet «eKommune Sunnmøre»

Fjord kommune er med i Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre som har oppgåve med utlysing og etablering av felles innkjøpsavtalar på ei rekke områder og for ulike produkt og tenester.

3.4.2 Oppvekst og kultur

Det er høgt fagleg tenestenivå i oppvekstområdet, men ein ser at det kan vere vanskeleg å rekruttere fagkompetanse, særleg i vikariat. Minkande barnetal gjer at ein må sjå på nødvendige tilpassingar i skulestrukturen for å oppretthalde kvaliteten i åra som kjem.

Fjord kommune oppfyller lærarnorma i skulane. Som kompetanseheving har det vore sett fokus på psykisk helse og tilpassa opplæring med vekt på meir aktiv læring.

Alle dei tre barnehagane har no nesten full kapasitet med tanke på bemanningsnorma, og Syltebøen barnehage må utvide for å støtte krav om plass og arbeidstilhøve for dei tilsette. Kompetansehevinga i barnehagane har hatt fokus på vaksenrolla i leik og korleis inkludere alle.

Fjord kommune leverer grunnskuleteneste og barnehageplass til barn frå Liabygda i Stranda kommune.

Ei tverrfagleg helse- og oppvekstgruppe har utarbeidd ein førebyggjande oppvekstplan i tråd med samfunnsplanen og fleire lovverk som krev betre førebyggingsarbeid og samordninga av dei kommunale tenestene.

Kulturområdet har eit breitt spekter av kulturtilbod til innbyggjarane, og ein har god drift av kulturbygg. Nedgang i barnetalet gjer at det vert færre deltakarar i kulturskulen.

Frivilligsentralane i Valldal og Stordal og har mange pågåande faste aktivitetar til stor glede for innbyggjarane i kommunen.

Biblioteka har gode utlånstal og legg til rette med møteplass for ulike lag og organisasjonar.

3.4.3 Pleie Omsorg Velferd

Tenestene i helse og omsorg har i 2023 har innført Helseplattformprosjektet. Prosjektleiar, instruktørar, superbrukarar og tilsette har fått løysinga i drift frå 4. november utan utfordringar ut over det ein kan forvente i eit slikt stor IT-prosjekt. Det gode resultatet skuldast at dei involverte i prosjektet har jobba godt og strukturert.

Tørnprosjektet vart også avslutta. Prosjekta har også medført at ein har hatt positive sideeffektar som større grad av samarbeid på tvers at verksemdene.


Drifta har vore prega av kostbare enkelttiltak som har kravd innleige av ekstra ressursar frå vikarbyrå. Omstillingstiltak har medført betre balanse i drifta, men det er framleis verksemdar som har utfordringar med overforbruk. Reduksjon av institusjonsplassar og endra vedtakspraksis med tilbod om tenester på eit nivå i omsorgstrappa som er tilpassa den enkelte sitt behov har vore eit av måla.

SSB tab. 11643: Timar til omsorgstenester i løpet av året, etter region, tenestetype, statistikkvariabel og år

Timar (K.1578 Fjord)	2020	2021	2022	2023	Endring 2022-2023
Alle tenester	68 242	74 566	78 812	98 137	19 325
Praktisk hjelp: daglege g	3 010	2 819	2 725	4 355	1 630
Praktisk hjelp - opplærin	45 427	45 740	46 593	58 223	11 630
Praktisk hjelp: brukarsty	4 052	8 664	8 960	8 155	-805
Dagaktivitetstilbod	1 269	981	1 287	5 043	3 756
Avlasting - utanfor institu	0	44	101	265	164
Avlasting i institusjon- ru	0	0	0	696	696
Støttekontakt	1 203	1 414	1 827	1 660	-167
Omsorgsstønad	1 200	2 141	2 163	2 341	178
Helsetenester i heimen	12 081	12 763	15 156	17 399	2 243

SSB tab. 11644: Døgn til omsorgstenester i løpet av året, etter region, tenestetype, statistikkvariabel og år

Fjord	2020	2021	2022	2023	Endring 2022-2023
Matombringing	12967	14366	15430	19185	3 755
Tryggleiksalarm	16490	17696	18507	20642	2 135



Flyktningtenesta har hatt høg aktivitet gjennom året. I løpet av året kom det oppmodning om å auke mottak frå 20 til 30 flyktningar. Kommunen har totalt tatt i mot 47 personar frå Ukraina sidan 2022. I 2023 kom det 31 personar. Aktiviteten har medført at det det har vore nødvendig med auke ressursbruk i verksemda.

Kvalitet -

Det har vore gjennomført brukar- og pårørande undersøkingar ved institusjon, heimeteneste og Habilitering. Denne viser at tenestemottakarane i hovudtrekk er nøgd med tenestene men også at det på enkelte område er forbetningsområde. Målet er å følgje opp undersøkinga årleg. System for meldingar om uønskte hendingar er i bruk og det blir heldt kvalitetsmøter i verksemdene for å identifisere forbetringstiltak .

Sjukefråværet i tenesteområdet i 2023 var på 9,81%. Det er relativt stor variasjon mellom verksemdene. Verksemda med det høgste hadde 19,03% Verksemda med det lågaste sjukefråværet hadde 3,84%.

3.4.4 Næring

Strategisk næringsplan er vedteken, og det er mange spennande næringslivsprosjekt fleire stader i kommunen. Organiseringa av aktivitetar vedteke gjennom strategisk næringsplan fungerer bra.

Vekst i Fjord er etablert i tråd med politisk vedtak, og var i 2023 ein viktig faktor for at ulike prosjekt vert realisert. Vekst i Fjord prosjektet varte i utgangspunktet ut 2023. Fristen er endra til 30.06.2024. Det er i samband med avslutning av prosjektet laga eigen rapport som skal fram til politisk handsaming, samt at Møre og Romsdal Fylkeskommune skal godkjenne endeleg rapport for restutbetaling av tilskot.

I Vekst i Fjord står det att litt arbeid oppimot Fjord Invest som ein i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune avklarar korleis ein skal slutføre.

Fjordhagen si rolle i næringsutviklingsarbeidet fungerer i tråd med vedtak i strategisk næringsplan. Etter vedtektene for Næringsfondet skal det utarbeidast årsmelding for bruk av næringsfondet kvart år. Der vil Fjord kommune sitt næringsutviklingsarbeid verte nærare omtala.

3.4.5 Teknisk Landbruk Miljø

Teknisk, Landbruk og Miljø (TLM) i Fjord kommune er lokalisert med administrasjon ved kommunehuset i Stordal, og med driftsavdelingar i Valldal og Stordal. For store delar av 2023 har leiarfunksjonane ved TLM vore løyst ved konstituering.

Stor utvikling innan dei tekniske faga og tilknytta regelverk, gjer det krevjande for kommunen å ha tilgang til nok og rett kompetanse. Det har vore arbeid for digitalisering innanfor dei tekniske tenestene. Dette er eit arbeid som må halde fram.

Ein ser for alvor at stadig nye myndigheitkrav innanfor TLM sine ansvarsområder gjer seg gjeldande også for ei lita kommune som Fjord.

Budsjettsituasjon gjer at ordinær drift har fått prioritet, men lite til vedlikehald av bygningar og anlegg.

Det har vore nedgang i bygge-og delesaker for 2023, men mykje spennande planarbeid på gang.

3.5 Personale

3.5.1 Tilsette

Pr 31.12.23 var det 290,5 årsverk som var tilsett med fast stillingsprosent. Dette fordelte seg på 382 tilsette og 430 ulike stillingar. Gjennomsnittleg stillingstorleik var 67,5 % på grunnlag av desse tala. Timelønna vikarar, t.d. sommarvikarar, kom i tillegg. Det kan vere vanskeleg å rekne nøyaktig tal på fast tilsette, då permisjonar, anna fråvær og vikarbruk verkar inn.

Talet på årsverk har hatt eit liten vekst i Fjord kommune i perioden 2020-2023.

3.5.2 Rekruttering

Det er store utfordringar med rekruttering til fagstillingar i skule/barnehage og pleie/omsorg. Ulike tiltak har vore prøvd, særleg i pleiesektoren, utan at det har gjeve det forventa resultat.

Rekruttering vil vere eit stor utfordring også i komande år. Dette må det takast omsyn til ved planlegging og fastsetting av tenestetilbod og lokalisering av dei ulike tenestene.

3.5.2 Sjukefråvær

Fjord kommune hadde i 2023 eit samla sjukefråvær på 9,54 %. Eigenmeldt sjukefråvær utgjorde 1,37 %, medan fråvær med sjukmelding utgjorde 8,17 %.

Samla sjukefråvær hadde ein auke frå 2022 med 0,36 %poeng.

Mål for sjukefråvær i 2023 var 8,0 %.

	2020	2021	2022	2023
Sentraladministrasjonen	3,38	3,97	7,91	3,24
Oppvekst kultur	10,64	10,03	18,71	8,19
Helse pleie velferd	9,62	11,49	11,49	9,81
Teknisk landbruk miljø	9,27	4,78	4,37	16,20
Fjord kommune	8,78	9,53	9,18	9,54

Tabell viser sjukefråvær i perioden 2020-2023 med fordeling av sjukefråvær i prosent på hovudområda. Ved lesing av tabellen bør det takast omsyn til talet på tilsette er ulikt i dei ulike hovudområda. Der det er få tilsette vil sjukefråvær utgjere ein høvesvis større prosentdel.

4. Tiltak for å sikre høg etisk standard

Fjord kommune forvaltar midla til fellesskapet og er avhengig av eit godt omdømme og tillit frå dei som møter oss. Det er viktig at kommunen opptre skikkeleg i all si verksemd. I samband med dette har ein utarbeidd eit eige dokument som omhandlar etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde.

Retningslinjene, som gir rettleiing og klare tilrådingar om kva type åtferd som blir forventa av oss, i kva situasjonar, har vore ut på høring og skal takast opp til behandling av partsamansett utval.

I vårt HMS-arbeid har vi lagt mykje fokus på korleis vi kan skape ein god dialog, både internt og ovanfor våre brukarar. Utanom våre rutinar og prosedyrar, som er tilgjengeleg i vårt dokumentbibliotek, bruker vi vår internettside til å informere og opplyse dei tilsette om tematikken.

I vårt arbeid med personvern og informasjonssikkerheit har vi utarbeidd retningslinjer for bruk av sosiale medium. Som ein del av dette, har vi i tillegg retningslinjer for dei tilsette om kva de må passe på når dei bruker sosiale medium til å ytre seg. Retningslinjene er integrert i opplæringa innan personvern.

4.1 Internkontroll – rapport for 2023

Kommunedirektøren sin internkontroll tar utgangspunkt i KS sitt verktøy i høve dette arbeidet. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll minst ein gong i året. I samsvar med KS sine tilrådingar har ein vald å integrere den årlege rapporteringa i årsmeldinga.

4.1.1 Styring

Internkontroll er alt vi gjer for å sikre innbyggjarane gode tenester, overhalde lover og reglar, følgje opp vedtak og planar og vere opptatt av omdømmet til kommunen.

Ansvar for kvalitet og internkontroll følgjer som ein del av leiaransvaret i kommunen. Leiarar har ansvaret for internkontroll innan dei respektive sektorane eller avdelingar. Internkontroll er ein naturleg del av drifta i verksemdene, leiarane veit at ein skal medverke til ein god og effektiv tenesteutøving.

Kommunen sin internkontroll er risikobasert. Som ein del av arbeidet med risikobasert interkontroll, skal kommunedirektøren gjennomføre ei overordna risikovurdering, både sentralt og i kvart kommunalområde, slik at vi få oversikt, og kan vurdere heilskapen i internkontrollen i organisasjonen.

4.1.2 Aktivitetar

I 2023 har ein hatt stort fokus på bruk av organisasjonen sitt kvalitetssystem, som består av eit dokumentbibliotek. Kvar sektor samla sin dokumentasjon (reglement, retningslinjer, rutinar, mm) på sitt eige område i biblioteket, slik at det er enkelt for dei tilsette til å finne at den informasjonen dei har behov for i arbeidskvardagen.

Avviksmodulen i kvalitetssystemet som blir brukt for å melde og behandle avvik er forankra i organisasjonen. Meldingane gir verdifull informasjon som kan bli brukt til å lære og forbetre tenesteutøvinga.

Kvalitetssystemet er det sentrale verktøyet for kommunedirektøren sin internkontroll.

4.1.3 Effekt og resultat

Vi opplever vi at vi har tatt nye, viktige steg i det systematiske arbeidet med kvalitet, som medfører at vi er i stand til å levere dei teneste som blir forventa av kommunen.

5. Likestilling

Lønspolitikken i Fjord kommune er utforma slik at kvinner og menn vert likebehandla i vurdering av lønn og avansement. Kommunen treng medarbeidarar med riktig fagkompetanse og ønskjer eit mangfaldig arbeidsliv. Kommunen skal leggje til rette for å rekruttere minoritetsspråklege og personar med redusert funksjonsevne. Samstundes skal ein ta vare på at alle arbeidstakarar blir rettferdig vurdert.

Før ei eventuell utlysing gjennomfører ein alltid ei undersøking på om det er nokon i delt stilling som ønsker å auke denne. I organisasjonen er det 224 tilsette som har ein stillingsprosent på 85% eller meir og av desse er 179 kvinner. For tilsette med 84% eller lavere stillingsbrøk er det 159 tilsette (98 kvinner). I brannkorpset er det 44 tilsette (42 menn) som arbeider i ei deltidstilling på 2,04%. I Fjord kommune er det eit stillingssnitt på 72,76% med tanke på heiltidskultur. Fjernar ein tilsette i brannkorpset har Fjord kommune eit snitt på 86,62 %.

6. Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26

Fjord kommune arbeider aktivt og målretta for å fremme likestilling og å hindre skilnader som strid med Lov om likestilling og forbud mot diskriminering.

Fjord kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå vert verdsett. Alle brukarar og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld der kommunen møter leverandørar, kundar, konkurrentar og andre aktørar.

I kommunen sine utlysingar er det kvalifikasjonane til søkjar jf. kvalifikasjonsprinsippet i utlysingstekst som er avgjørande på kven som blir tilsett. Skal ein tilsette sjukepleiar er det autorisasjon som sjukepleiar i Noreg som er essensielt i tillegg til å ha bestått norsk A1/2. I Fjord kommune har vi mange utenlandske arbeidstakar innafor samtlege fagområder (Polsk, Ukrainsk, Spansk, Sri Lanka, Amerikansk, Tysk osv.) for å nemne nokon. Det vert ikkje lagt begrensingar til om nokon har fysiske utfordringar, det viktigaste er at søkjar er kvalifisert til utlyst stilling.

Fjord kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar, med ein kvinnedel på 62 % for tilsette som er inne i faste eller vikarstillingar. Det er færrest mannlege tilsette innan skule, barnehage og helse og omsorg, og flest innan teknisk sektor og administrasjonen. Sidan 2021 har vi klart å rekruttere fleire kvinnelege arbeidstakarar innan teknisk sektor.

I Fjord kommune har vi 19 leiarfunksjonar med budsjett og personalansvar. Av desse er 12 kvinner og 7 menn. I kommunen si Strategiske leiargruppe er 4 menn og 2 kvinner. Årslønna knytt til leiarane i kommunen er fordelt i kva som ligg til kva ansvar den enkelte har og korleis den har gjennomført sine oppgåver inneverande år. Lønn endrast kvart år gjennom lokal lønnsforhandling etter felles kriterium vedteke i drøftingsmøte med tillitsvalde. Det er ikkje noko forskjell på om ein er kvinne eller mann, men det er stillinga som styrar lønna til den enkelte.

Når det gjeld innplassering av tilsette i HTA kapittel 4 er det garantilønn som er gjeldande og den skil heller ikkje mellom kjønn. Der er utdanningsnivå og ansiennitet som styrar lønna til den enkelte.

Valldal, 2.4.2024
Bjørn Inge Ruset
Kommunedirektør

DEL B ÅRSRAPPORT

Innleiing


Denne del av årsmelding/årsrapport gjev utfyllande og detaljert informasjon i høve til det som er i Del A

Det er først ein oversikt over politisk og administrativ organisering av Fjord kommune. Vidare er det rapport frå verksemdene under kvar hovudområde. Rapport gjev ein kort skildring av verksemda, måloppnåing i høve til dei mål som var sett for 2023, kommentarar til drifta, både positive og negative og ev utfordringar som har vore gjennom 2023. I innleiinga på kvar hovudområde er det teke inn rekneskapsoversikt.

Del B vil gje god informasjon om dei ulike tenestene som Fjord kommune yter.

7. Organisering Fjord kommune

7.1 Politisk organisering



Kommunestyret hadde fram til oktober 2023, 23 medlemmar, deretter 19 medlemmar som er fordelt slik:


Arbeidarpartiet	2 medlemmar	(1 medlem formannskap)
Framstegspartiet	2 medlemmar	(1 medlem formannskap)
Høgre	6 medlemmar	(2 medlem formannskap)
Senterpartiet	7 medlemmar	(2 medlem formannskap)
Sosialistisk Venstreparti	2 medlemmar	(1 medlem formannskap)

Politiske utval/saker 2023	Tal møter	Tal politiske saker
Kommunestyret	12	105
Formannskap	14	106
Eldreråd	5	14
Råd for personar med nedsett funksjonsevne	3	8
Ungdomsråd	4	10
Viltutval	1	12
Partssamansett utval		

7.1.1 Kontrollutvalet

Har 5 medlemmar og er kommunestyret sitt verktøy for å sikre at den kommunale verksemda vert gjort i samsvar med gjeldande lover og reglar, kommunale planar og vedtak. Dette er viktig for å oppnå tillit hos innbyggjarane. Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat utøver sekretariatsfunksjonen for Fjord kommune. Utvalet har i 2023 hatt 4 møter og handsama 23 saker.

7.2 Administrativ organisering 2023



8. SENTRALADMINISTRASJONEN

8.1 Rekneskap

Resultat pr verksemd SENTRALADMINISTRASJONEN	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Politisk organisering	2 372 522	1 919 844	123,6	- 452 678
Eldrerådet	26 460	24 120	109,7	- 2 340
Ungdomsrådet	22 744	51 916	43,8	29 172
RFUN	9 513	21 201	44,9	11 688
Kommunerevisjonen	752 046	825 000	91,2	72 954
Kontrollutval/SKS	464 377	508 886	91,3	44 509
Kommunedirektør	1 953 422	1 585 970	123,2	- 367 452
Stab/Fellestenester	13 611 573	13 672 174	99,6	60 601
Næringsutvikling	244 818	306 827	79,8	62 009
Kyrkjelege fellesråd	2 934 996	2 935 000	100,0	4
Folkehelsearbeid	167 988	237 089	70,9	69 101
Økonomiavdeling	4 377 006	4 107 020	106,6	- 269 986
Forsikringar	276 628	295 000	93,8	18 372
Omstilling sentraladministrasjonen		- 1 830 500	-	- 1 830 500
SUM	27 214 093	24 659 547	110,4	- 2 554 546

8.2 Sentraladministrasjonen

SKILDRING AV VERKSEMDA

Sentraladministrasjonen er fordelt mellom fleire ansvarsområder, fire blir presentert i rapporten, og desse er:

- Politisk organisering
- Kommunedirektør
- STAB (Personal, fellestenesta, IKT/IT, strategisk planarbeid, beredskap)
- Økonomi

Oversikt på tilsette i dei enkelte områda per 31.12.2023

Ansvarsområde	Årsverk	Merknad
Politisk	1	Ordførar
Kommunedirektør	1	Konstituering juni – okt.
STAB	8	HTV (0,65 og 0,25 ÅTB)
Økonomi	4,8	

Brukarane av desse ansvarsområda er både interne og eksterne. Sentraladministrasjonen skal legge til rette for intern drift på tvers av sektorane og har det overordna strategiske bildet som vidare skal forankrast ned i organisasjonen. Herunder er det samarbeid med dei politiske utvala; Kommunestyre, Formannskap, RFUN, Eldreråd, Kontrollutval med fleire.

Fellestenesta bemannar innbyggjartorg i Stordal og Valldal i tillegg til sentralbord, politisk sekretær, skjenkebevilgning, pendlarpass, arkiv (digitalt og fysisk), ansvar for saksystem, gjennomføring av val, heimeside, skjemabygging med meir.

Personal er i hovudsak knytt til intern drift der ein gjev støtte til leiarane i kommunen rundt rekruttering, personaloppfølging, HMS, personvern, oppfølging av digitale system, opplæring og handheving av lov, forskrift, sentrale og lokale særavtaler samt ansvarleg for diverse utval (PSU, AMU, IA, verneombod og HTV).

IKT/IT samarbeider tett med eKommune Sunnmøre som i hovudsak står for IT-drifta. For kommunen sin del er det å tenke strategisk og ha ei oversikt på kva løysingar kommunen har og skal ha i framtida. Dette gjeld på tvers i skule, helse, administrasjon, teknisk med meir. Dette må gjerast i fellesskap for å få til ei utvikling og vere ein del av den digitale transformasjonen.

Økonomiavdelinga hadde ein god budsjettprosess inn mot 2023, men såg som tidlegare år at det kom til å vere eit nytt stramt år med likt driftsnivå samt eit etterslep frå 2021 og 2022. Nokon av arbeidsoppgåver til kontoret er fakturering, avgiftshåndtering, budsjettarbeid, rekneskap, rapportering, årsmeldinger, lønnskjøring, arbeid med skatt og konsesjonskraft. Økonomiavdelinga har nytta VISMA som system sidan 2004 og det vart i fellesskap bestemt at ein skulle gå ut på anbod for å sjå om ein kunne redusere prisen på denne.

MÅLOPPNÅING 2023

Ein har levert frå seg store mengder med arkiv til IKA M&R for digitalisering og oppbevaring. Det sikrar arkivverdig dokumentasjon og gjev enklare arbeidsdag for dei tilsette. Det er i tillegg tatt i bruk nye system som fjernar manuelle operasjonar.

Kompetanseheving vert fortløpande gjennomført, men ein har fortsatt ein del å gjer for å kome opp på eit nivå som gir dei tilsette betre flyt i arbeidskvardagen.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Året 2023 starta som tidlegare år med ein omstillingsprosess for å spare inn på drift. Det vart satt i gong ein større omstillingsprosess i samarbeid med leiarane, HTV og verneombod. I hovudsak kartlegge kvar ein kunne spare, omorganisere og/eller effektivisere. Prosessen var god med fleire arbeidsgrupper, men tidleg på året vart prosessen satt på vent med bakgrunn i at kommunedirektøren hadde fått ny stilling i ein anna kommune. Det vart gjennomført fleire konstitueringar gjeldande frå juni i påvente av tilsetting av ny kommunedirektør.

Følgjande konstitueringar vart gjennomført:

- Kommunedirektør
- Økonomisjef
- Kommunalsjef oppvekst og kultur
- Kommunalsjef teknisk landbruk og miljø
- Leiar drift og kommunalteknikk
- Rektor Valldal skule
- Rektor kulturskulen

Annakvart år er det val i Noreg og i 2023 var det kommune- og fylkestingval. Dette er oppgåver som kjem i tillegg til den daglege drifta i kommunen og ekstrakostnader knytt til dette. Valet gjennomførast i september, men prosessen startar allereie i januar inneverande år og brukar tida etter valet å få på plass dei nye styret/utvala.

Helseplattformen var eit stort prosjekt på driftssida som krevde ressursar på tvers av organisasjonen, men som ein har klart å implementere godt i helsesektoren. Fortsatt noko å hente på området og ein ventar med å få legekontora på plass ila 2024/2025.

UTFORDRINGAR

Det var som tidlegare år usikkerheit rundt økonomisituasjonen i kommunen der ein hadde etterslep frå tidlegare år og var usikker på om ein ville kome på Robek eller ikkje. Ein del

midlertidige endringar måtte gjerast og det førte til at ein kanskje ikkje fikk fokusere på sine hovudoppgåver, men måtte sjonglere på fleire hald.

Reduksjon av investeringar har vore med å redusere mengda av oppgåver, men som gjer at ein flyttar problema utover i tid. I tillegg har ikkje kommunen noko kapital på bok og det gjer det utfordrande å ta tak i oppdukkande utfordringar.

Det er mange og nye oppgåver som kjem til i sentraladministrasjonen og med ein reduksjon i tal årsverk kan ein ikkje forvente same tilgjengelegheit/opetid på innbyggjartorga som tidlegare.

8.3 Beredskap, digitalisering og informasjon

Beredskap

- Planla og gjennomførte stor fullskaløving i Heggurtunnelen der scenarioet var ulykke i tunnel med skade og dødsfall. Elevar og foreldre frå Valldal skule stilte som markørar. Det var mange aktørar involvert - både naudetatar, vegeigar. Nyttig øving med mange læringspunkt.
- Innføring og øving i nytt krisehandteringsverktøy - Rayvn. Har brukt det under hendingar, og skal øve jamt på bruken.
- Arbeidd med planverk knytt til Åknes/Tafjord.

Digitalisering

Det blir arbeidd med ein ny strategi for dei neste fire åra for eKommune Sunnmøre. EKommune tek seg av det meste av it-drifta, og har faggrupper som skal sørge for samordning og utvikling innan faga.

Alle kommunane er med i Digi Møre og Romsdal. Saman vert det arbeidd for å sikre kvalitet og auka kraft i digitaliseringsarbeidet, og i den digitale transformasjonen. Ein er avhengig av samarbeid for å få til utvikling.

Det skjer mykje innan velferdsteknologi, og her må kommunen ta i bruk nye løysingar for å kunne ivareta tenestebehovet med stadig mindre folk til å utøve tenestene.

Det er utfordrande å henge med på digitaliseringsområdet med dei ressursane ein har tilgjengeleg.

Informasjon

Det er fokus på både intern og ekstern informasjon, men også her er det kapasitetsutfordringar.

Det blir arbeidd med å få digitalisert fleire skjema, og gjere tenestene så tilgjengeleg som muleg.

9. NÆRING

SKILDRING AV VERKSEMDA

For 2022 og 2023 var næringsarbeidet i Fjord kommune organisert gjennom Vekst i Fjord

For Vekst i Fjord var det vald eit eige styre med Reidar Andresen som styreleiar. Harald Espeland var prosjektleiar fram til 01.08.2023. Deretter tok Fjordhagen over prosjektleiinga.

Vekst i Fjord var eit toårig (2022-2023) prosjekt med mål om å danne grunnlag for etablering av Fjord Invest som lokalt investeringsnettverk. Dette for å auke lønsemda og berekrafta i lokalt næringsliv gjennom å utarbeide solide business case/investeringscase som kan få tilført kapital.

Fjord Invest er no etablert som eit investornettverk. Fleire lokale verksemder har utarbeidd investorpresentasjon i samarbeid med Vekst i Fjord og har vurdert å teste ut innhenting av kapital via investornettverket. Medan andre verksemder har vore gjennom førebuaende arbeid for å gjere seg klare til ei eventuell kapitalinnhenting.

Frå 01.01.2024 er bruk av Næringsfondet lagt til godkjenning av formannskapet og budsjett for næringsarbeidet forøvrig er godkjent i budsjetthandsaminga.

Ein kjøper tenester frå Fjordhagen med omfang som vist i budsjett for 2024.

MÅLOPPNÅING 2023

Prosjektet Vekst i Fjord er i all hovudsak ferdigstilt. Det står att litt arbeid med Fjord Invest før ein er endeleg ferdig. I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune er det utarbeid ein plan for slutføring av prosjektet.

Etter dette vil Fjord Invest kunne gå inn som ein del av verktøykassa for Næringsutvikling i Fjord kommune. Organisert gjennom dei tenestene som ein i dag kjøper frå Fjordhagen.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Næringsarbeidet i Fjord kommune er i all hovudsak organisert gjennom bruk av Næringsfondet. Dette har i 2022 og 2023 vore organisert gjennom Vekst i Fjord. Det er utarbeid utkast til sluttrapport som vil verte framlagt til politisk handsaming. Det står att litt arbeid i slutføringa før endeleg rapport vert ferdigstilt. Denne vert sendt til Møre og Romsdal fylkeskommune for endeleg godkjenning der, samt utbetaling av resttilskot.

UTFORDRINGAR

Utfordringar i 2023 har vore prega av stor utskifting i administrasjon og politikk. Dette har medført redusert framdrift, og slutføring av prosjektet er derfor forsinka.

10. OPPVEKST - KULTUR

10.1 Rekneskap

Resultat pr verksemd OPPVEKST - KULTUR	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Felles administrasjon oppvekst/kultur	3 941 574	3 018 589	130,6	- 922 985
Stordal barnehage	4 509 790	4 431 665	101,8	- 78 125
Syltebøen barnehage	7 594 276	7 210 382	105,3	- 383 894
Dalsbygda barnhage	3 268 805	3 223 476	101,4	- 45 329
Stordal skule	15 390 897	16 842 326	91,4	1 451 429
Stordal SFO	921 570	792 822	116,2	- 128 748
Valldal skule	17 402 819	19 010 240	91,5	1 607 421
Valldal SFO	705 722	751 113	94,0	45 391
Fjord vaksenopplæring	- 199 476	- 554 759	36,0	- 355 283
Eidsdal skule	9 364 212	9 529 867	98,3	165 655
Eidsdal SFO	156 842	178 557	87,8	21 715
Fjord musikk-kulturskule	1 619 810	1 746 104	92,8	126 294
Kulturadmin.	742 861	675 040	110,0	- 67 821
Tilskot drift-anlegg	175 000	175 000	100,0	-
Den kulturelle spaserstokk	- 37	-	-	37
Fjord bibliotek	1 257 199	1 430 660	87,9	173 461
Frivilligsentralane	118 236	210 245	56,2	92 009
Ungdomsarbeid	45 059	70 550	63,9	25 491
Stordalshallen	2 678	- 6 085	- 44,0	- 8 763
Martin Linge huset	20 536	- 77 829	- 26,4	- 98 365
Omstilling oppvekst kultur		- 2 100 000	-	- 2 100 000
SUM	67 038 374	66 557 963	100,7	- 480 411

10.2 Stordal barnehage

SKILDRING AV VERKSEMDA

I første halvår 2023 var det 7 tilsette som utgjorde 6,5 årsverk inkludert administrasjon. I tillegg var det ein 1 årslærling barnehageåret 2022/2023. Ein pedagogisk leiar var tilsett på dispensasjon.

Hausten 2023 var det 8 tilsette som utgjorde 7,5 årsverk inkludert administrasjon. Det mangla 40 % assistent som blei leigd inn frå veke til veke.

Frå hausten 2023 vart det tilsett to nye pedagogiske leiarar. Begge med fagutdanning. Diverre vart det mykje sjukmeldingar utover hausten. Det er kjent at det har vore ei utfordring og veldig vanskeleg er å få tak i vikarar, noko som slit mykje på administrasjonen og tek mykje tid. Det fører også til stor slitasje på dei som er på jobb når ein må gå underbemanna mykje av tida.

Første halvår 2023 var det totalt 20 barn i barnehagen. Hausten 2023 var det 22 barn. Dette er litt oppgang fra året før og det ser heldigvis litt bedre ut for 2024.

Alderssammansetninga i barnehagen pr. desember 2023 er slik:

Født år:	Antal barn
2018	5
2019	3
2020	7
2021	4
2022	3



Rekomp:

Våren 2023 var det utviklingsarbeidet gjennom Rekomp der temaet har vore “Digital kompetanse i barnehagen”. Stordal barnehage jobba ut fra denne problemstillinga: «Korleis kan vi bruke digitale verktøy for å stimulere barnas kreativitet?» Dette har ein eigentleg berre lykkast delvis med.

Hausten 2023 var det tid for å velge seg nytt tema og denne gongen vart det vald å jobbe med temaet: “Tilrettelegging for leik” og med denne problemstillinga: “Korleis kan vi voksne inspirere til at barnas leik blir allsidig og inkluderande.”

10.mars hadde alle barnehagane i Fjord ein felles Plandag i Stordal. Temaet halve dagen var “Korleis byggjer vi relasjonar til dei utfordrande barna” saman ved Stranda og Fjord barnevern. Eftermiddagen var det kurs i Drama med hjelp frå Jugendteateret for å komme litt ut av komfortsona.

27 september hadde alle barnehagane med tema “Tilrettelegging for leik” ein fagdag saman med Høgskulen i Volda på Gomerhuset på Skodje. Dette var ein lærerik dag.

I tillegg er nokre personalmøte brukt til nettkurs med etterarbeid.

MÅLOPPNÅING 2023

Det er vel ikkje så mykje å kommentere på budsjettet 2023. Det var eit lite overforbruk som gjekk på lønn, pensjon og sjukevikar. Og med tanke på at budsjettet blir redusert litt for kvart år medan alt anna blir dyrare, er dette ikkje så lett å gjere noko med. Sluttkommentar på dette er at Stordal Barnehage er ved smertegrensa på kor lite budsjettet kan vere og samstundes skal drive ein pedagogisk og god barnehage.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Positivt:

- Det er mange flinke og dyktige folk som arbeider i Stordal barnehage.
- Det er arbeid godt med spesielt det siste utviklingsarbeidet.
- Stordal barnehage er ein ny og flott barnehage. Dette gjer at det ikkje er nødvendig å bruke så mykje midlar på oppgradering av eksisterande bygg. Det må likevel understrekast kor viktig det er å vedlikehalde og stelle både i og rundt barnehagen for

at den framleis skal halde seg godt. Er kanskje ein liten tendens til, at fordi den er ny, vert vedlikehald nedprioritert. Dette kan fort verte dyrt.

- Det kan sjå ut som barnetalet aukar litt i 2024.

Negativt:

- Det skal være 5-års befaring på barnehagen innan sommaren 2024 og framleis er det ting som ikkje er fiksa eller ferdigstilt.
- Det må på plass nok utdanna personale.
- Vikarsituasjonen.
- Ein del av det digitale utstyret er gammelt og utdatert. Pc-er og pad-er spesielt.

10.3 Syltebøen barnehage

SKILDING AV VERKSEMDA

Syltebøen barnehage har hatt 16 årsverk i 2023. Eininga har totalt 20 tilsette i faste stillingar og vikariat. I tillegg har vi tilkallingsvikarar og to på pensjonistavtale som er vikarar.

Hausten 2023 starta med 55 barn fordelt på 30 over 3 år og 25 under 3 år. Dette utgjør 80 plassar. Ombyggingsplanane for barnehagen vart skrinlagt våren-23 og på grunn av plassmangel var det våren -23 ei avdeling på Elvetun. Der var ei gruppe med 4 og 5 åringar. Den vart flytta hausten -23 til Martin Linge-huset. 14 barn fødd i 2018 og 4 fødd i 2019 har vore der. Dette vart ei løysing for at barn som var søkt barnehageplass for i Valldal skulle få plass i Syltebøen. I tillegg stetta dette behov for universell utforming som Syltebøen ikkje har mulegheit å imøtekomme.

Barnehagen var stengt 3 veker i fellesferien. I veke 28 som er behovsprøvd var det tilbod for ca 35 barn. Etter behovsprøving var barnehagen open både veka før påske og i romjula.

Barnehageåret starta med god bemanning både med pedagogiske leiarar og barne og ungdomsarbeidarar/assistentar.

Personalet har vore med på utviklingsarbeid gjennom REKOMP. Første halvdel av 2023 var tema Digital kompetanse. Eit nødvendig arbeid som tok dei tilsette eit lite steg vidare. Hausten 2023 starta eit nytt tema opp, der personalgruppa skal bli betre rusta til å førebygge mobbing, utestenging og trakassering. Det har vore deltaking på fagdagar i regi av Høgskulen i Volda som har vore svært lærerike. Om ikkje arbeidet med tema har gått heilt etter planen, er inntrykket at ein har fått arbeid godt med bevisstheit i personalgruppa rundt tema. For å få gode resultat i slikt utviklingsarbeid er det ein føresetnad å ha ei stabil personalgruppe.

MÅLOPPNÅING 2023

Syltebøen barnehage klarte nesten å halde seg innanfor budsjett, men hadde store utgifter på vikarbruk. Det vart ikkje gjort store investeringar fordi det er planlagt endringar og ein har vald å vente å sjå kva som skjer der og heller investere når det foreligg ein plan for kva som skal skje. Det er difor brukt pengar berre på det mest nødvendige. Nokre små innkjøp måtte gjerast for å få avdelinga på Martin Linge-huset til å fungere.

KOMMENTAR TIL DRIFT

- Det er positivt at barnetalet i Valldal aukar. Barnhagen må utvidast med ei avdeling.
- Arbeidsmiljø er stort sett godt, der det er vilje til å få ting til å fungere sjølv om året har vore tøft når de gjeld bemanning.
- Personalet ser at det skjer noko når det gjeld problem med personalfasilitetar, dårleg bygg og for lite plassar.

- Godt samarbeid mellom barnehagane på fagdagar

Det har vore eit tøft år bemanningsmessig med høgt langtid sjukefråvær mellom dei fast tilsette og vikarar. Det har vore mange ulike vikarar inne. Sjølv om vikarane er dyktige og pålitelege, slit situasjonen likevel fysisk og mentalt både på dei fast tilsette og vikarar som er stabile på jobb. Det går også ut over kvaliteten på arbeidet overfor for barna. Etter barnehagelova skal drifta skape ein trygg og stabil kvardag for barna. Dette er ikkje mogeleg å oppretthalde slik situasjonen har vore med sjukefråvær, vikarar, vikar for vikaren og periodar med underbemanning.

Situasjonen skaper også utfordringar med å drive pedagogisk arbeid og utviklingsarbeid på ein god måte. Tida går med til å organisere slik at kvardagen går saman. At styrar stadig må vere vikar for å unngå stenging, fører til dårleg leiing.

UTFORDRINGAR

- Ustabil bemanning
- Mangel på tilkallingsvikarar
- Å ha ei tilfredstillande drift
- Opprette og sette i gang endå ei avdeling for å ha nok plassar (Elvetun frå hausten 22 og Martin Linge-huset frå Hausten –23) Det er mykje arbeid både administrativt og praktisk.
- Uvisshet om kva som skjer med planane for ny barnehage.

10.4 Dalsbygda barnehage

SKILDRING AV VERKSEMDA

Dalsbygda barnehage er ein toavdelingsbarnehage der avdelingane samarbeider morgon og ettermiddag for å bruke personalressursen på best mogleg måte. Barnehagen har tatt imot SFO-barn onsdagar og annakvar torsdag; dei er saman med barna på Storbarnsgruppa desse dagane.

Det er eit stabilt personale med lavt sjukefråvær, i 2023 var det 6 tilsette og i tillegg to ringevikarar som kunne nyttast dersom ved behov.

Ressursar	Vår 2023	Haust 2023
Tilsette	6	6
Årsverk	5,3	5,1
Barn	17	14
Barn sfo	5	4
Spesialundervisning	2	1



MÅLOPPNÅING 2023

- Mål 1:
Å få plass vognskur, då det vert fleire små som skal sove i vogn i løpet av barnehagedagen, er det ikkje plass til alle vognene inne og det er ikkje plass med tak over for å setje dei ute. Det er naturleg med ei oppgradering av uteområdet i barnehagen no når rassikringsarbeidet er avslutta.
- Mål 2:
Personalutvikling gjennom utviklingsarbeid i barnehagen: *Ha fokus på Rekomp og digitale verktøy i barnehagen knytt oppimot ei betre språkutvikling i barnegruppa. *En bra dag på jobb. Jobbe for eit godt arbeidsmiljø for å førebygge høgt sjukefråvær. *Vaksenrolla i barnehagen. Ha fokus på å evaluere den pedagogiske praksisen vår i barnehagekvardagen. «Kva er vi gode på og kvar kan vi verte betre»
- Mål 3:
Få oppgradert kjøkken på småbarnsavdeling (kjøkkenet sto ferdig i 1994) Gjere kjøkkenet lysare, måle veggjar, lister, vindauge, tak og rammene på lys «kassene» i taket.

Mål 1 og 3 er det ikkje starta på/fått midlar til i 2023, men saman med foreldre skal uteområdet i barnehagen oppgraderast på dugnad i 2024.

Mål 2 er eit gjennomgåande mål som det vert jobba kontinuerleg med.

Sjukefråværet er lågt og trivsel på arbeid er god. Det er fokus på å utvikle personalet gjennom utviklingsarbeid, kurs og fagmøter.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Positivt:

Personalet er godt og stabilt. Alle har fagkompetanse. Foreldre og barn er fornøgde. Barnehagen ligg fint til med tilgang til både skog og fjord. Heile bygda vert nytta då barnehagen er mykje på tur.

Negativt:

Det manglar utdanna barnehagelærar på eine avdelinga.

Det kan til tider vere utfordrande å få tak i vikar og då må styrar inn på avdeling noko som er uheldig då styrarressursen berre er på 60%

Det er veldig utfordrande å ta imot SFO-barn onsdagar og annakvar torsdag; det er ikkje tid eller ressurs til å lage eit godt nok opplegg til dei. Det er fleire barnehagebarn enn tidlegare år og det går utover barnegruppa og kvaliteten på tilbodet desse dagane. Dei dagane SFO-ressursen ikkje er til stades må styrar inn på avdeling.

Det er fleire småbarn enn før og det er liten plass til lagring av vogner og liten plass til å plassere dei som skal sove og kvile. Vogner tar opp plass i gangen og på badet og gjer det vanskeleg for reinhaldar å vaske. Det trengs eit vognskur.

10.5 Stordal skule / SFO

SKILDING AV VERKSEMDA

Skule:

Talet på elevar ved Stordal skule hausten 2023 var 93. Dette gir eit gjennomsnittet pr. klasse på 9,3 elevar. Klassestorleiken varierer frå 2 til 17 elevar. På grunn av desse variasjonane har det blitt samanslåing av klasser på barnesteget, men undervisninga i norsk, matematikk og engelsk er delvis skjerma. Frå 5.- 10. kl. er det samanslåtte klasser i fag som kroppsøving, musikk og arbeidslivsfag. Ved organisering av klassesamanslåing blir det teke omsyn til både det pedagogiske og klassestorleik. Stordal skule hadde 24 tilsette, lærarar, barne og ungdomsarbeidarar/ assistentar og merkantilmedarbeidar med ulike

stillingsprosentar. Dette skuleåret er det 13 elevar med vedtak om spesialundervisning, og 12 elevar med særskilt norskopplæring.

Målsetting for Stordal skule og skulane i Fjord kommune er utvikling innan tema tilpassa opplæring. Dette er eit prosjekt som går over to skuleår, og held dermed fram til og med vårhalvåret 2025. God tilpassa opplæring hever kvaliteten på undervisninga og vil sannsynlegvis også føre til at fleire/alle lykkast med opplæring og utdanning.

Fokuset på at alle skal ha ei god psykisk helse vert vidareført. Opplæringsmaterialet «Livet og sånn» vert m.a. brukt i alle klassene ved skulen. Dette er eit opplæringsmaterieil for folkehelse og livsmeistring som er utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

MOT er også eit viktig bidrag inn mot ungdomsskuleelvene for å skape robust ungdom som inkluderer alle.

Frå hausten 2023 er det ein lærarar som tar etter- og vidareutdanning i programmering.

Skulefritidsordning- SFO :

Barn totalt pr. 1. januar var 18 stk. Ved start nytt skuleår august var det 23 stk., berre 10 av desse hadde ferie-SFO. Litt reduksjon i tal på timar/dagar pr. barn utover hausten. Ekstra inntekt av såkalla kjøpeplassar kr. 4698. SFO har også ansvar for 2 barn frå småskulesteget medan dei ventar tre kvarter på skuleskyss til dalen. Det er 3 tilsette i SFO med varierende stillingsstørrelse frå 100% til 80%.

Fagleg har personalet arbeidd med Rammeplan og Utviklingsarbeid, TPO. Dagleg ansvarleg på SFO har gått fagskule for SFO. SFO har lojale og fleksible arbeidstakarar.

MÅLOPPNÅING 2023

Budsjettmessig kom Stordal skule i mål med eit mindreforbruk på om lag 1,5 million. Hovudgrunnen til dette resultatet er det i ein periode mangla personell som ikkje vart dekt opp av vikarar.

KOMMENTAR TIL DRIFTA

Det er godt kvalifiserte tilsette ved skulen, både når det gjeld lærarstillingane og assistentane. Sjukefråværet er forholdsvis lavt og det er lite permisjonar, som igjen skaper god stabilitet for elevane og for dei tilsette.

Erfaring er at det er vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar på stillingar undervegs i skuleåret, noko som medførte underbemanning i ein periode. Dette løyste seg ved at tilsette har strekt seg langt, noko som på sikt ikkje er gunstig då det aukar slitasjen på alle.

Nokre av bygga ved Stordal skule har stort behov for vedlikehald.

UTFORDRINGAR

Vanskeleg å få tak i personell med godkjent kompetanse ved utlysingar undervegs i skuleåret.

Behov for nye læreverk som samsvarar med kompetansekrava i LK20.

Treng oppgradering av det digitale utstyret.



10.6 Valldal skule/SFO

SKILDRING AV VERKSEMDA

Skule:

Valldal skule hadde dette året 130 elevar frå 1-10. klasse, fordelt på ei klasse på kvart trinn med gjennomsnittleg 13 elevar pr. klasse. Skulen har hatt 9 elevar frå Liabygda. Klassar på ungdomssteget er slått saman i valfaga, tysk, arbeidslivsfag og kroppsøving. Det har vore 32 tilsette med lærarar, miljøterapeutar, barne- og ungdomsarbeidarar/assistentar og merkantilmedarbeidar fordelt i ulike stillingsprosentar. Dette året har vi hatt 16 elevar med vedtak om spesialundervisning, og 6 elevar med særskilt språk-/norskopplæring. Fleire elevar har også tilbod om å nytte alternativ opplæringsarena på Krikane gard i delar av skuletida.

Struktur for styring av skulen er vart endra til skuleåret 2023/2024. Drifta vart endra frå å ha rektor og 2 avdelingsleiarar/teamleiarar og ein rein teamleiar (ungdomstrinnet) og over til å ha rektor og ein undervisningsinspektør. I tillegg er der 3 teamleiarar med meir avgrensa oppgåver enn tidlegare.

Målsettinga i 2023 for Valldal skule har vore utvikling innan tema tilpassa opplæring og fagleg fordjuping. Dette er ein del av eit toårig prosjekt saman med Høgskulen i Volda og dei andre skulane i Fjord kommune og som held fram til sommaren 2025.

Fokus på psykisk helse har halde fram. Til dette vert mellom anna opplegget «Livet og Sånn» nytta i alle klassane ved skulen.

Skulen har hatt ein lærarar på vidareutdanning i faget spesialpedagogikk.

Skulefritidsordning –SFO:

SFO har 38 barn på heil- eller deltidsplass frå 1-4.klasse. Det er i alt 5 tilsette med ulike stillingsstorleikar knytt til SFO, samla rundt 2 stillingar. Desse stillingane er kombinerte med assistentstillingar i skulen. Nesten alle har anten fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget, eller er miljøterapeuter. I haust har ein også vore heldige å hatt ein lærling knytt til skule og SFO.

På SFO har det vore gjennomført aktivitetar knytt til ulike årstider, turar i nærområdet, matlaging og mykje frileik ute og inne.

Har vore ein del sjukefråvær som igjen har gitt utfordringar med å løyse personalkabalen.

Ordninga med 12 timar gratis SFO vart dette året utvida til å gjelde både 1. og 2. klasse.

Dette har gitt auka tal på born som nyttar seg av SFO.

MÅLOPPNÅING 2023

Kom i mål budsjettmessig med eit mindreforbruk både på skule og SFO, samla på om lag 1,65 million, men mykje av dette var høgst ufrivillig då der mangla mykje personell undervegs som ein ikkje fekk dekt opp med vikarar.

Alt for stor bruk av overtid, men dette har vore naudsynt.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Positivt:

Personalet er fleksibelt og tar utfordringar på strak hand. Viser stor vilje til å løyse dei utfordringar som vi støyter på. Mykje god kompetanse i gruppa. Har fått inn nye og yngre tilsette som viser stor vilje til å yte og lære.

Har hatt grei tilgang på vikarar. Desse har lyst til å vere her.

MOT sitt program på ungdomssteget har vore i eit viktig bidrag i arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø ved å utvikle robust ungdom som inkluderer alle. Skulen har no Unge MOTivatorar som er med på å legge til rette for kjekke fellesaktivitetar blant elevane, og ikkje minst planlegge konsert og aktivitetar i arrangementet MOT til 1.mai.

Negativt:

Det er eit større behov for vedlikehald av bygningane og uteområdet til skulen om det ikkje skal forfalle heilt, og gi dyre kostnader på sikt. Delar av leikeplassen er også ute av drift eller i ferd med å bli øydelagt av slitasje. Det skjer lite på dette feltet.

Året har vore krevjande med omsyn til personale. Permisjonar og sjukmeldingar gjorde at ein kom på etterskot frå starten av i haust. Nye langtidssjukmeldingar og ein del korttidsfråvær har dukka opp. Timeplanar har vore i stadig endring. Der har vore litt tilgang på vikarar, men det er i hovudsak attverande personale som har strekt seg langt for å løyse utfordringane. Har også dukka opp ekstra oppgåver undervegs som har kravd ekstra personell. På sikt gir dette auka slitasje på alle. Utlysing av stillingar undervegs i skuleåret gir jamt over lite respons.

I samband med ny læreplan og nye kompetansemål må ein gjere innkjøp av nye læreverk, og grunna innsparingsbehov er det ikkje fått kjøpt inn det som det er behov for. Enkelte av læreverka er frå tidleg på 2000-talet, og lisensar på oppdaterte digitale læreverk er også kostbare. Det er krevjande å kome i mål med ei oppgradering av den digitale utstyrsparken (PC/lpad/digitale tavler) for både elevar og tilsette. Mykje av materiellet er ustabil og nær enden av si levetid.

UTFORDRINGAR I 2023

Høgt sjukefråvær i lange periodar.

Vanskeleg å få på plass personale med godkjend kompetanse når ein må søke etter slikt undervegs i skuleåret. Heller ikkje lett å få den rette samansetjinga av kompetanse mellom skuleåra.

Mykje administrativ tid blir nytta til å halde den daglege drifta i gang. Skulle gjerne ha nytta meir av denne tida til pedagogisk utvikling av skulen.

Bygningane og uteområdet treng vedlikehald.

Eit etterslep på innkjøp av nye læreverk og stor slitasje på ein del av dei læreverka vi har.

Ein del av det digitale utstyret er gammalt og modent for utskifting.

Ser ei auka grad av skulevegning i elevflokk.

10.7 Fjord vaksenopplæring

SKILDRING AV VERKSEMDA

Fjord vaksenopplæring har hatt 3 tilsette i ca. 125 % stilling til saman. Det har vore 5 elevar for vaksne med nedsett funksjonsevne dette året. Desse elevane har hatt undervisning opptil 3 timar fordelt på to dagar pr. veke. Ei gruppe i lokala til ungdomsklubben på Martin Linge huset, og ei gruppe i samarbeid med Glimt i deira lokale. Desse elevane har fokus på vedlikehald av grunnleggande ferdigheiter innan lesing, skrivning, rekning, digital kompetanse og kvardagsferdigheiter.

Det har vore gjennomført norskopplæring for 3 ulike grupper gjennom 2023. To av gruppene har vore for flyktningar frå Ukraina der gruppa som starta første halvdel av året hadde 13 deltakarar. Den andre gruppa starta opp i oktober og hadde 10 flyktningar i tillegg til ein med plikt til norskopplæring og ein arbeidsinnvandrar. Flyktningane frå Ukraina må gjennom eit introduksjonsprogram på 6 månadar og når denne perioden er over blir gruppa som lærer norsk jamt mindre i takt med at dei får seg jobbar eller vel å slutte av andre årsaker. Den tredje gruppa som fekk norskopplæring var arbeidsinnvandrarar som hadde undervisning på kveldstid fram til sommaren 2023

MÅLOPPNÅING 2023

Det er eit krav at flyktningane som kjem skal få starte på norskundervisning innan 3 månadar. Vi har klart å halde oss innanfor denne fristen for alle deltakarane. Økonomisk har der vore eit mindreforbruk, men vanskeleg å planlegge økonomien godt sidan vi ikkje veit kva vi får av deltakarar gjennom året.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Drifta har gått stort sett greitt, men merkar den auka pågangen av flyktningar som skal ha opplæring. Mot slutten av året måtte vi løyse undervisninga for den ferskaste gruppa flyktningar med bruk av velvillige pensjonistar. Der ligg også ei utfordring i å få på plass vikarar ved sjukdom.

Grei tilgang på læremiddel og datamaskiner.

UTFORDRINGAR

Auka mengde av flyktningar gir auka behov for undervisningskompetanse. Det er vanskeleg å rekruttere inn ny kompetanse då konkurransen om nytt personale er hard no når alle andre kommunar også skal skalere opp sine tilbod om norskopplæring.

Mangel på personell og stort tilsig av flyktningar gjer at det vart nødvendig å seie nei til norskopplæring for nokre arbeidsinnvandrarar.

Vanskeleg å finne vikarar for desse gruppene.

10.8 Eidsdal skule / SFO

SKILDRING AV VERKSEMDA

Skule:

Elevtal 2022/2023 var 52 elevar. Nokre elevar var tilflytta frå utlandet. Desse elevane har krevd noko ekstra ressursar.

Skulen er organisert fådelt slik at dei ulike trinna delvis går saman. 1 - 2 klasse og 3 - 4 klasse går saman. Mellomtrinnet (5-7 klasse) går saman i mange timar og ungdomstrinnet (8-10 klasse) går saman i mange timar. Dette inneber ein kostnadseffektiv driftsmodell.

Skulen ligg midt i verdsarvområdet for fjordlandskapet. Skulen definerer seg som ein verdsarvskule. Dette inneber turar til nære lokalitetar i verdsarvområdet og undervisning med tilknytning til desse. Planverket ved skulen har i seg mykje fokus på verdsarvområdet der dette knyter seg naturleg til læreplanmåla. Det har vorte arbeid med rulling av planverket for verdsarvskulen Eidsdal.

Gjennom året har skulen vidareført prosjektet Urørt. I prosjektet er det samarbeidd med friluftsrådet. Friluftsrådet har søkt og fått midlar som vert brukt i tilknytning til prosjektet, men det er ikkje skulen sjølv som disponera midlane. Prosjektet har gitt skulen moglegheiter til turar for alle trinna gjennom året. Fokus har vore berekraftig bruk av våre nærområde innanfor verdsarvområdet. Det er også etablert eit samarbeid med HiVolda si friluftslinje. Det

betyr at skulen kan bruke studentane sin fagkompetanse og hjelp gjennom utplassering av disse i tilknytning til prosjekt

Bemanning/Elevar	2021	2022	2023
Tilsette	16	17 + 1 engasjement knytt til flyktning	17
Tilsette, årsverk	11,4	11,4	11,4
Antal elevar	49	55	52
Antal barn på SFO	7	7	7
Barn med spes.undervisning	10	9	6

MÅLOPPNÅING 2023

Budsjettmessig endte skule/SFO med eit mindreforbruk på om lag 190 000 kroner.

KOMMENTAR TIL DRIFT

I påvente av renovering har skulen avventa investeringar og fornying. Den digitale infrastrukturen inklusive smartskjermar er utdatert og gamle. Her bør det gjerast investeringar. Arbeidsrommet til lærarane er nedslite saman med anna bygningsmasse. Til dømes ventilasjonsanlegget stetter ikkje krava til verken skule eller arbeidsplassar. Gjennom dei seinare åra har drift/vaktmeister kun utført heilt nødvendige reparasjonar på gammalt bygg, utstyr og inventar. Ein må forvente at dette etterslepet gir økte kostnader.

Eidsdal skule har stor stabilitet i kollegiet, med svært låg turnover. Skulen har historisk òg hatt lågt sjukefråvær. Dette året har vært prega av høgt fråvær knytt til foreldrepermisjon og sjukdom, både kort- og langtid. Det har vore utfordrande og rekruttere lærarar med relevant kompetanse til kortare vikariat. Skulen har i utgangspunktet 11 lærarar der fleire har reduserte stillingar. Grunna permisjonar og sjukemelding har det totalt vore tilsett opptil 17 personar gjennom året. Vikarbruk har vore stor og kostnadskrevjande med bruk av overtid. Rektor og ein inspektør har utgjort totalt 100% administrativ ressurs. Skulen har ikkje tilsett merkantilt personale. Rektor har og overordna oppgåver innan digital kompetanse/IKT i oppvekstsektoren i om lag 30% stilling.

Gjennom året har ein brukt fellestida til m.a. Udir sin kompetansepakke om «Trygt og godt skolemiljø». Saman med dei andre skulane og i samarbeid med HiVolda har det vore arbeid med tilrettelagt undervisning gjennom året. Arbeidet har og vært følgd opp i arbeidslaga, som er organisert på trinnnivå.

Som eit ledd i den digitale kompetansehevinga har stadig meir av skulen sin informasjon til dialog og kommunikasjon med kollegiet vore flytta over på digitale plattformer. Skulen er og komen langt i bruken av IST som det skuleadministrative systemet. Det betyr m.a. personleg tilpassa timeplan for kvar elev, tilgjengeleg på nett. Også foreldre har pålogging og kan følgje med i sine barn sin fråværslogg og karakterar.

Eidsdal skule er medlem i UNESCO sitt Associated Schools Network, eit skulenettverk som satsar på internasjonalisert undervisning. [The World Heritage in Young Hands](#) er et av ASPnets flaggskip-prosjekt og passar godt for Eidsdal skule som en verdsarvskule. ASPnet er eit globalt nettverkt med 35 medlemsskular i Noreg og rundt 10 000 medlemsskular på verdsbasis.

Eidsdal skule er FN-skule. Dette gir skulen tilgang til eit nettverk av skular og undervisningsmateriell knytt til fagfornynging. FN-sambandet har mange og gode lærerressursar knytt til berekraftsmåla.

UTFORDRINGAR

Det trengst oppgradering/utskifting av det digitale utstyret særleg Smarttavler. Framleis behov for nye læreverk som stettar kompetansekrava i LK20.

Bygg og inventar er nedslite og det er behov for utbetringar. Ventilasjonssystemet bør utbetrast/skiftast.

10.9 Fjord kulturskule

SKILDRING AV VERKSEMDA

Fjord kulturskule har tre undervisningsstader – Stordal, Valldal og Eidsdal.

Våren 2023 var det 7 tilsette lærarar fordelt på 2,32 årsverk, herav 0,58 årsverk på administrasjon. I tillegg vart det leigd inn 1 lærar frå Stranda kulturskule og 1 lærar frå det lokale næringslivet.

Hausten 2023 var det 8 tilsette lærarar fordelt på 2,63 årsverk, herav 0,6 årsverk på administrasjon.

Frå hausten 2023 har kulturskulen hatt 83 ordinære elevplassar fordelt på 73 elevar. Dette er ein nedgang frå førre år.

Kjernetilbodet til kulturskulen har i 2023 bestått av undervisning i musikk, biletkunst og dans. Det er størst tilbod innanfor musikkfag, der kulturskulen tilbyr både individuell- og gruppeundervisning på ulike instrumenter. Det er også eit gruppetilbod for dei minste elevane - "Musikksprell". Biletkunst har vore eit samarbeid med den lokale kunstnaren Sølvi Lill Seljebotn. I Valldal er det også hatt eit tilbod om tilrettelagt musikkaktivitet for vaksne brukarar.

Fjord kulturskule har kun eit breiddetilbod. Det er "Korps i skulen" som er eit tilbod til alle 3. og 4.klassingar. Prosjektet er eit samarbeid mellom kulturskulen og skulekorpsa i kommunen. Dette er ein viktig satsing som har samarbeid med grunnskulen og tverrfaglegheit i sentrum som ein del av vegen til det gode livet.

I 2023 har det vore eit regionalt samarbeidsprosjekt med dei andre kulturskulane på Sunnmøre angående fordjupningstilbod. Prosjektet "kulturmosaikk" har som mål å opne opp eksisterande og skape nye fordjupningstilbod for elevar som er særleg motiverte.

Kulturskulen tilbyr dirigenttenester for skulekorpsa med 30% subsidiering av utgiftene. Valldal skulekorps og Stordal skulekorps har nytta seg av dette tilbodet i 2023.

MÅLOPPNÅING 2023

- Oppretthalde eit godt tilbod til elevane, både fagleg og pedagogisk, og utvide tilbodet med undervisning innan endå fleire fagområde.
- Bidra endå meir aktivt til kulturlivet i kommunen, både gjennom eigne arrangement og i samarbeid med andre aktørar.
- Fortsette det gode samarbeidet med grunnskulane, lag og organisasjonar i kommunen.

I 2023 har ein klart å oppretthalde bandtilbodet, som var nytt i 2022. Det har ikkje vore muleg å gi eit fast tilbod innan dans og biletkunst. Heller ikkje vart det etablert musikksprell som eit tilbod i Eidsdal. Alt dette på grunn av dårleg påmelding. Kulturskulen har gjennom året hatt eit godt samarbeid med grunnskulane, med deltaking på rektormøter, bidrege på kulturdag og vore i musikkundervisninga gjennom tilbodet "korps i skulen".

Gjennom 2023 har det vore arbeidd målretta mot å verte eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen.

KOMMENTAR TIL DRIFT

- Kulturskulen har kuttet ned på utgifter til innleigde lærarkrefter. I staden er det faste tilsette lærarar i større stillingar.
- Det var 23 mindre elevar i kulturskulen samanlikna med 2022. Dette er ei negativ utvikling som ein håper vil stoppe. På den positive sida: på grunn av dette var det mellom anna mogleg å kutte ned på utgiftene nemnt i punktet ovanfor.
- Det er utfordrande å finne vikarar når lærarar vert sjuk eller er i permisjon. Kulturskulen har difor måtta avlyst ein del undervisning.

UTFORDRINGAR

Lærarane i kulturskulen er tilsett i små stillingar, alt frå 10-40%. Det er ei stor utfordring å samle alle lærarane til eit felles møtetidspunkt, då dei fleste har andre hovudarbeidsgivarar. På grunn av dette er det vanskeleg å etablere eit godt nok samarbeid mellom lærarane. Det er også svært utfordrande å drive fagleg utviklingsarbeid m.m. i eit kollegium der ein aldri får samla alle samtidig.

Mykje av instrument- og utstyrsparken til kulturskulen begynner å bli gammal og utslitt. Det er difor eit stort behov for utskifting og innkjøp av nytt utstyr. På grunn av ein trong økonomi, har dette ikkje vore mogleg. Dette er ei stor utfordring då det i nokre undervisningstilbod, som f.eks. tilrettelagt musikkundervisning, gjer det vanskeleg å tilpasse undervisninga godt nok til dei ulike elevane.



10.10 Fjord bibliotek

SKILDRING AV VERKSEMDA

Biblioteka hadde i 2023 1,4 årsverk fordelt på Valldal, Eidsdal og Stordal.

Avdeling Stordal er eit kombinasjonsbibliotek, 40 % stilling folkebibliotek og 10 % stilling skulebibliotek.

MÅLOPPNÅING 2023

1. Bibliotektenesta i Fjord kommune skal vere aktuell, allsidig og ha kvalitet.
2. Bibliotektenesta skal omfatte alle, også dei som har spesielle vanskar med å bruke biblioteket.
3. Vi skal auke besøka og utlånet av medier. Vi skal nå nye brukarar.

Vi har i løpet av året kunne hatt fleire aktivitetar enn i 2022, fordelt mellom dei tre biblioteka (frå 79 til 110 aktivitetar).

Dette har vore arrangement som: SommarLes fest, forfattarbesøk med Malin Hellebø, kunstutstilling, eventyrstund i samband med både supersommar, MOTbakkeløp og på Langsætrane, eventyrstund for barnehagegrupper, Ingstadfestivalen, sykurs, foreldrerettleiingskurs, bokslipp, teater, poesikveld, juleverkstad for flyktningar og møtearena for diverse lag og organisasjonar.

Faste aktivitetar som seniornett, quiz, sjakkgrupper, småbarnstreff, sofa og norskprat har vore gjennom heile året.

KOMMENTAR TIL DRIFT

- Besøkstalet har gått litt ned frå tidlegare år til 4 935 (5355 i 2022). Dette kan vere grunna reduksjon av opningstider/dagar hausten 2023.
- Utlån til barn har auka frå 3326 bøker i 2022 til 3821 bøker i 2023
- Utlån til vaksne er litt redusert frå 6480 bøker i 2022 til 6129 bøker i 2023
- Grunna innsparingar i kultursektoren blei biblioteksjefstillinga redusert frå 100% til 80% stilling.

UTFORDRINGAR

Biblioteksjef slutta i stillinga hausten 2023 og det lukkast ikkje tilsette ny. Grunna sjukmeldingar og bruk av interne ressursar har det vore redusert opningstid med ein dag pr. veke i Valldal. Sidan det ikkje har vore fast tilsette verken i Valldal eller Eidsdal i denne perioden, har utvikling av bibliotekenesta vore lite prioritert.

10.11 Ungdomsarbeid/Ungdomsklubbane

SKILDING AV VERKSEMDA

Ungdomsklubbane er viktige tilbod for ungdommane i Fjord kommune. Det er tre ungdomsklubbar i kommunen – der alle tre har ulik organisering. Klubbane er vanlegvis godt besøkt i gjennom året.

Stordal ungdomsklubb er kommunal og hadde i 2023 budsjett som berre dekker delar av husleiga. Dagleg leiar av Frivilligsentralen koordinerer ungdomsklubben og har to til tre vakter i løpet av sesongen. Klubbkveldane er på laurdagar, der foreldre til elevar i ungdomsskulen er vakter. Ungdomsklubben er samlokalisert med Frivilligsentralen og driftar også musikkverkstaden. Ungdomsklubben leiger ut lokalet til barneburstdag og private.

Sylte ungdomsklubb i Valldal har frå 2016 vore ein foreldrestyrt, frivillig organisasjon og disponerer to rom gratis i ML-huset. I 2023 har det vore endring i styret og ingen drift. Har vanlegvis hatt klubbkveldar onsdagar, i tillegg til open hall ein fredag i månaden.

Eidsdal ungdomsklubb organisert av foreldregruppa gjennom FAU. Fjord kommune betaler husleige for ungdomsklubben sin bruk av Røde Kors-huset. Eidsdal ungdomsklubb har klubbkveldar om lag ein fredag i månaden.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Det var i 2023 ein prosess på gang for å få meir lik organisering av alle tre klubbane, etter initiativ frå Sylte ungdomsklubb. Her var tanken å ha ein samarbeidsavtale med FAU, der Fjord kommune sto for koordinering og foreldregruppene ved ungdomsskulane stilte som vakter og hadde representant i arbeidsgruppe saman med representant for ungdommane. Dette arbeidet har tatt tid og det vart ikkje inngått avtale, så inntil vidare blir drifta gjennomført som tidlegare.

10.12 Frivilligsentralane

SKILDRING AV VERKSEMDA

Frivilligsentralane blir drifta ut frå lokale føresetnader og behov. Aktivitetar byggjer på frivillig innsats, bidreg til å skape sosiale møteplassar og legg til rette for lokal frivillig verksemd. Fjord Frivilligsentralar består av Stordal Frivilligsentral og Valldal Frivilligsentral. Sentralane har felles vedtekter og skal ha ressursgruppe der frivilligheita er representert. Sentralane følgjer forskrift for tilskot til frivilligsentralar og det er tilsett daglege leiarar i 100% stilling i kvar av sentralane.

Sentralane er delvis finansiert av statstilskot og mykje av drifta blir finansiert av eksterne tilskot.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Frivilligsentralane har sidan oppstarten blitt ein møteplass og arena for mangfaldig aktivitet i kommunen. Frivilligsentralane har ei lang rekkje tiltak og lågterskel aktivitetar retta mot ulike aldersgrupper og personar med ulike funksjonsnivå. Nokre av aktivitetane er i samarbeid andre einingar, lag og organisasjonar eller enkeltpersonar. Det har vore eit nært samarbeid mellom dei to sentralane i 2023.

Frivilligsentralane har god oversikt over lag og organisasjonar i kommune og via e-post informerer vi om ulike tilskotsordningar og andre aktuelle saker knytt til frivilligheita. Lag og organisasjonar blir årleg invitert til frivilligforum i regi av frivilligsentralane.

Valldal Frivilligsentral er samlokalisert med biblioteket på rådhuset i Valldal. I lokalet er det aktivitetar både i regi av frivilligsentral og bibliotek (i samarbeid eller kvar for seg) og i regi av frivillige. Lag og organisasjonar kan låne lokalet gratis til møte og aktivitet. Faste aktivitetar i regi av frivilligsentralen er mellom anna frukosttreff (på stova på VTS), SOFA og Seniornett i samarbeid med biblioteket. Naturmøteplassen på Øygarden er eit tiltak samarbeid med frivillige og Sunnmøre friluftsråd.

Stordal Frivilligsentral er samlokalisert med Stordal ungdomsklubb i Stordal Næringsbygg. Fast opningstid to dagar i veka og både i opningstida og utanom er det aktivitet i regi av sentralen og/eller i regi av frivillige lag og organisasjonar. Lag og organisasjonar kan låne lokalet gratis til møte og aktivitet. Ungdomsklubben leiger ut lokale til private. Faste aktivitetar i regi av frivilligsentralen er herreklubb, dametreff, vaffeldag, strikketreff og Åpent hus for menneske med nedsett funksjonsevne. I november 2023 vart det starta Gratisbutikk for kle og sko. Dette er eit tilbod for ALLE innbyggjarar i Fjord kommune, der dei ønskjer kan kome innom og hente kle og sko gratis. Andre leverer inn kle og sko. Gratisbutikken er drifta i samarbeid med frivillige og elevar som har valfaget Innsats for andre ved Stordal skule. Utstyrsbase for aktivitet og friluft er lokalisert i Stordal og drifta av Stordal frivilligsentral. Her kan alle låne gratis friluftsutstyr. Det vart lagt til rette for at lånarar kan hente/levere utstyr også i Valldal eller Eidsdal.

Den kulturelle spaserstokk (DKSS) er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst—og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Ordninga skal også bidra til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod der dei bur. Stordal Frivilligsentral er ansvarleg for denne ordninga og står for søknad, rapportering og koordinering av kulturformidlarar til institusjonane.

Fjord kommune har samarbeidsavtale med fylkeskommunen om UNG Kunst og kultur. Formålet er at alle barn og unge i Møre og Romsdal skal ha tilgang til eit breitt og mangfaldig kulturtilbod med høg kvalitet, aktualitet og relevans der dei kan medverke, skape, lære og meistre.

10.13 Folkehelsearbeid

SKILDRING AV VERKSEMDA

Fjord kommune har 50 % stilling som folkehelsekoordinator. Folkehelsearbeidet er knytt til kommunalområdet oppvekst og kultur og består hovudsakleg av samfunnsutvikling (planarbeid), tverrfagleg førebyggjande arbeid og friluftsliv/fysisk aktivitet. I tillegg kjem oppgåver knytt til frivilligsentralen og kultureininga.

Fjord kommune har signert God Helse samarbeidsavtale om strategisk folkehelsearbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune 2024-2027. Folkehelseoversikt for Fjord kommune vart utarbeidd i 2019 og Ungdata-undersøkinga gjennomført i 2020 og 2024.

Folkehelsekoordinator er kontaktperson for prosjektet Berekräftfylket Møre og Romsdal, for Sunnmøre friluftsråd og for Norges Nasjonalparkkommuner. Koordinering av StikkUT! og arbeid med oppgåver knytt til naturmøteplassen, friluftsliv, skilting og merking, går kontinuerleg. Det vert også arbeidd med statleg sikring av Øyna Langsætrane, plan for friluftslivets ferdelsårer og #minnasjonalparkkommune – aktivitet i sosiale media. Saksbehandlar for spelemidlar for idrett og kultur. Markering av friluftslivets veke 2023 med fokus på mat frå andre land, i samarbeid med flyktingtenesta

Prosjektet *Valldal 2029*/pilegrimsarbeidet knytt til Valldalsleia er lagt til folkehelsekoordinator og Fjordhagen. Valldal og Møre og Romsdal er tildelt nasjonaljubileet i 2029 med tittel *Olav i folketradisjonen*. I regi av prosjektet vart det gjennomført foredrag på biblioteket og Valldalsleikonferansen.

Folkehelsekoordinator koordinerer og er kontaktperson for tverrfagleg førebyggjande forum for barn og unge i Fjord, der kommunale tenester og andre aktuelle instansar deltek. Andre oppgåver er arbeid med Fjord kommune si nettside og drift av opplevfjord.no, universell utforming/tilgjengelegheit, korrektur og klarspråk. Drift av bibliotek var ein del av arbeidet i november-desember 2023.

UTFORDRINGAR

Skape fleire møteplassar og legge til rette for fysisk aktivitet, både enkeltstående og faste tiltak, biblioteket som møteplass, seniortrim. Planarbeid: friluftslivets ferdelsårer, kulturplan.



10.14 Martin Linge-huset

SKILDRING AV VERKSEMDA

Martin Linge-huset, offisielt opna oktober 2016. Bygget er inndelt i ein idrettsdel med flott idrettshall og tilhøyrande fasilitetar. Kulturdelen rommar ein stor kultursal, 2 tilstøytande rom for mindre arrangement, 3 undervisningsrom for kulturskolen, samt lokale til ungdomsklubben i 3.etg.

I tillegg til faste treningar/øvingar gjennom året, er det i tillegg utleige av lokale til store og små arrangement. Driftsadministrator er tilsett i 30% stilling, i tillegg til reinhaldar og vaktmester.

MÅLOPPNÅING 2024

Auka leigeinntekter i 2023. Sponsorinntektene på nivå som tidlegare.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Treningar og øvingar har gått som normalt gjennom året. Utleige av lokale tilbake på tilsvarende nivå som var før pandemien.

UTFORDRINGAR

Ei avdeling av Syltebøen barnehage vart sommaren 2023 flytta til Martin Linge-huset og sosialt rom. Dette gjorde at det måtte tenkjast nytt vedr utleige og bruk av huset. Denne kombinasjonen vart løyst på ein god måte.



10.15 Stordalshallen

SKILDRING AV VERKSEMDA

Stordalshallen vart offisielt opna 25. januar 1997. Vidareføring av dugnadsånda, samt eit særst vellukka profileringskonsept, har vore avgjerande god drift og gode resultat også økonomisk. Profileringskonseptet har bidrege med om lag 8 mill kroner frå oppstart og tillegg til dette kan ein vise til utstyrsinvesteringar på rundt 2 millionar,

Stordalshallen gjev eit positivt bidrag knytt til både førebygging, ringverknadar for andre som er avhengig av at det skjer ting i lokalsamfunna, osv.

Det har vore stor aktivitet i helgane, mest heile året rundt. Til tider ei utfordring å finne ledig plass til dei mange arrangement og besøka frå skular, skulekorps, idrettslag o.l. Det er mange grupper som nyttar Stordalshallen til faste treningar/øvingar. Skulen nyttar den på dagtid – m.a. då til kroppsøvingundervisning - og i samband med større og mindre arrangement, ikkje minst på den store juleavslutninga. Kulturskolen, biblioteket og seniortrimmen, er døme på andre kommunale brukarar.

MÅLOPPNÅING 2023

Stordalshallen kan vise til resultat om lag i balanse, først og fremst takka vere inntekter på kr 433.000 knytt til profileringskonseptet. Ein har lukkast med å snu den negative utviklinga dei siste fire åra for denne inntektsposten og leverte eit resultat på langt over kr 100.000 betre enn det tendensen skulle tilseie. Når ein i tillegg brukte ein god del av stillingsprosenten inn mot andre oppgåver, etterkvart også flyktingtenesta, vert resultatet naturlegvis endå betre.

UTFORDRINGAR

Stordalshallen har hatt dagleg leiar tilsett i 60%-stilling sidan oppstart. I samband med omstillingsprosessen sett i gong i starten av 2023, kom det likevel fram ønske frå administrativ leiing om at stillingsprosenten knytt til dagleg leiar Stordalshallen skulle halverast.

Nye oppgåver innan flyktingtenesta hausten 2023, i tillegg til eksisterande oppgåver innan kultur, bidrog i røynda til at prosentandelen knytt til dagleg leiar-stillinga, frå den tid nok utgjør rundt 30%.

Driftsstyret for Stordalshallen og dagleg leiar har vore tydeleg på at utfordringa ved å redusere stillinga kan føre til reduserte inntekter i åra som kjem.

Det er også ei utfordring at det kan virke som at potensielle eksterne leigetakarar i mindre grad enn tidlegare år, er kjent med tilboda i Stordalshallen. Konsekvensen av dette og, kan verte reduserte leigeinntekter, samt reduserte inntekter knytt til profileringskonseptet. I tillegg til at det er uheldig for næringslivet og andre som gjerne ser at fleire ønsker besøke bygdene våre.

Manglande prioritering av vedlikehald, bør nemnast. I tillegg til at dette er uheldig for alle dei som brukar Stordalshallen, er det også grunn til å frykte at det på sikt vil koste meir, så lenge skadane ikkje blir utbetra i tide.



Loppemarknad

11. HELSE - OMSORG - VELFERD

11.1 Rekneskap

Resultat pr verksemd HELSE - OMSORG - VELFERD	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Felles administrasjon HPO	616 818	849 399	72,6	232 581
Forvaltning & koordinering	2 021 913	1 858 489	108,8	- 163 424
Kommuneoverlege	651 397	619 799	105,1	- 31 598
Fjord legekontor	3 853 611	4 825 704	79,9	972 093
Legevakt, ØHD, nødnett	3 800 428	3 545 690	107,2	- 254 738
Fjord helsestasjon	1 811 036	2 111 881	85,8	300 845
Psykiatri	4 219 541	5 026 870	83,9	807 329
Psykolog	1 293 655	848 021	152,5	- 445 634
Jordmor	352 649	415 100	85,0	62 451
Fysio-/Ergoterapi	2 652 969	2 668 633	99,4	15 664
Barnevern	6 599 992	4 490 000	147,0	- 2 109 992
Sosialtenesta-NAV	2 138 017	2 667 000	80,2	528 983
Flyktingetenester	4 818 672	3 254 790	148,0	- 1 563 882
Stordalstunet	15 234 694	15 222 717	100,1	- 11 977
Heimetenesta Stordal	2 631 944	2 879 219	91,4	247 275
Dagsenter demente	806 661	849 536	95,0	42 875
Valldal sjukeheim	29 379 694	25 087 737	117,1	- 4 291 957
Heimetenesta Nord	10 453 524	10 574 546	98,9	121 022
Heimetenesta Sør	6 727 197	6 402 513	105,1	- 324 684
Habilitering Stordal	6 938 052	12 424 353	55,8	5 486 301
Habilitering Valldal	10 350 394	10 550 419	98,1	200 025
Glimt aktivitetssenter	936 366	885 040	105,8	- 51 326
Omstilling helse, pleie, omsorg		- 3 800 000	-	- 3 800 000
SUM	118 289 224	114 257 456	103,5	- 4 031 768

11.2 Helsetenesta

SKILDING AV VERKSEMDA

Helsetenesta skal gi innbyggjarane i kommunen nødvendig helsehjelp, både førebyggjande og kurativt.

Verksemda omfattar legeteneste – fastlege og tilsynslege, helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste og psykisk helseteam.

Tenestene dekkjer heile Fjord kommune. Legane deltek også i interkommunal legevakt.

MÅLOPPNÅING 2023

Ny fastlege tilsett.

Kommunepsykolog tilsett.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Ny fastlege tilsett i januar 2023. Fjord kommune er registrert utdanningsverksemd, og alle 4 fastlegane er under utdanning til spesialistar i allmenntilleg. Det vert også teke i mot LiS1 (lege i spesialisering del 1), som har teneste i primærhelsetenesta i 6 månadar.

Kommunepsykolog tilsett i januar 2023, som gir god fagleg styrke til psykisk helseteam og andre grupper.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta styrka opp med prosjektstilling. Det er etablert faste trefftider på dei tre skulane våre og vi har tilbod om helsestasjon for ungdom 13-25 år. Det er godt kvalifiserte personale i alle stillingane.

Innføring av Helseplattformen i helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste og psykisk helse.

Fortsatt ekstra oppgåver med koronavaksineringsoppfriskningsdose anbefalt til risikogrupper. Litt utfordring med nok personale til vaksineringsoppfriskningsdose korona- og influensavaksine.

På mange fagområder er det få tilsette og er difor sårbare ved sjukdom og fråvær/ferieavvikling. Også utfordrande med felleskap når tenestene er spredt på fleire lokalitetar.

UTFORDRINGAR

Helsehus avd. Stordal, 2. etg spesielt, lokala stettar ikkje dagens krav verken for tilsette eller brukarar.

Ein er spredt på mange lokalitetar, som gjer det utfordrande med fagleg felleskap og drift ved fråvær.

11.3 Flyktingtenesta

SKILDRING AV VERKSEMDA

Flyktingtenesta har som ansvar å busette og integrere flyktingar som Fjord Kommune tek mot. Tenesta skal i samarbeid med vaksenoppløringa tilby introduksjonsprogram i samsvar med gjeldande lovverk.

Verksemda har i 2023 busett 31 ukrainske flyktingar. Totalt sett frå eininga blei oppretta har det blitt busett 47 personar. Det har i større grad blitt etablert eit breitt tverrfagleg samarbeid mellom dei kommunale tenestene, deriblant teknisk etat, økonomi, helse og vaksenoppløring.

MÅLOPPNÅING 2023

1. Busett antal over anmodning
2. Etablert samarbeidsavtale med NAV
3. Etablert gode rutinar for mottak av flyktingar
4. Auka ressurs hjå flyktingtenesta
5. Auka kompetanse i eininga

KOMMENTAR TIL DRIFT

I 2023 ble verksemda styrka til 2,3 årsverk.

UTFORDRINGAR I 2023

I starten av året var det ein del utfordringar knytt til samarbeidet med NAV sine tenester. Dette har gjennom året blitt etablert gode rutinar for, samt samarbeidsavtale. Ved årets slutt har samarbeidet blitt godt forankra hjå både kommunen og NAV Ålesund.

11.4 Pleie og omsorg Stordal

SKILDRING AV VERKSEMDA

Stordalstunet er ein institusjon for eldre med svekka helse, redusert førlegheit og eit omfattende hjelpebehov. Institusjonen gav i 2023 gav tilbod om kortids- og langtidsopphald der 6 av plassane er tilrettelagt for personar med demens. Institusjonskjøkken har gjort i stand mat til pasientane ved institusjonen som har sikra tilrettelagt næringsrik kost. I tillegg middag til heimebuande som har gjort avtale om fullkost, utføring av middagsbringning og måltid ved Dagsenteret.

Fom 01.04.2023 blei tal på plassar på Stordalstunet redusert frå 19 til 12. Samtidig vart det 1 årsverk årsverk i turnus frå 17,3 til 16,3 og redusert bemanning frå 5 til 4 personar på dagvakt, 4 på kveld og 2 på natt. Prosessen vart gjort i tett samarbeid med tillitsvald og verneombud. Det vart utarbeida ROS-analyse for omstillinga. Samtidig vart det søkt om bruk av langvakter i turnus, og utarbeidd ny grunnturnus. Fleire ønska å prøve å gå langvakter, for andre blei dette krevjande og valde å gå tilbake til ordinær turnus. Dei som valde langvakter trivst med dette og synes det fungera godt og ønskjer å forsette med slik turnus. Det har blitt tildelt på jamna mellom 13-15 plassar på Stordalstunet. Dette har medført behov for å leige inn ekstravakter.

Heimetenesta gir eit særskild behov for helse og omsorgstenester og praktisk hjelp i heimen slik den enkelte kan bu heime i eigen bustad mogleg. I 2023 var det auka arbeidsmengde med fleire brukarar som kravde ekstra ressursar med behov for 2 personar og hjelp på natt. Det er i heimetenesta kun 3,98 årsverk i turnus og ein ser at det er behov for å auke tenesta. Det er rundt 40 brukarar som får ulike former for hjelp. Det har vore behov for å leige inn ekstravakter og bakvakt på natt, dette har medført mykje overtid og belastning på personalet.

Dagsenter gir eit tilbod til personar som bur heime. Desse har behov for tilrettelegging eller hjelp for å kome seg ut og treffe andre. Det gjev også mulegheit for avlastning i heimen. Dagsenteret er opent 2 dagar i veka til 8 brukarar. Det er 1,41 årsverk i turnus.

MÅLOPPNÅING 2023

Mål for pleie og omsorg 2023 var å redusere sjukefråværet og oppretthalde eit godt arbeidsmiljø. Fokus skulle vere å følgje opp sjukmeldte og arbeidsmiljø. Det har vore arbeid med HMS og arbeidsmiljø og hatt eit tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod med jamnlege møter. Sjukefråveret i pleie og omsorg Stordal i 2023 er redusert til 4,32 %.

Det var eit ønske å ha fokus på fleksibel drift, samarbeid på tvers av heimetenesta og Stordalstunet. Vidare å fokusere på bruk av personal, oppgåvedeling, redusere behovet for plass ved institusjon, og på budsjett. Demenskoordinator har arbeid ein fast dag i heimetenesta. Det vart utarbeidd nye grunnturnusar med fokus på fordeling i turnusen av kompetansen. Desse har vorte brukt både inne på Stordalstunet og i heimetenesta. Bakgrunn var overbelegg på Stordalstunet, auka arbeidsmengde med fleire brukarar som krevde ekstra ressursar i heimetenesta og behov for ekstravakter. Fokus har vore budsjett og fleksibel bruk av ekstravakter. Personalet har hjelpt kvarandre der det trengst.

Det er stabil drift på Dagsenteret der heimebuande med demens har fått tilbod om plass og opplever auka livskvalitet. Dette gjer at enkelte kan bo lenger heime og avlaste pårørande som igjen redusera behov for avlastningsopphald.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Positivt:

- Pleie og omsorg, Stordal har eit stødig, løysningsorientert og ressurssterk personale som har stiller opp og hatt fokus på å gjere det best for pasientane som har bruk av tenesta.
- Redusert sjukefråvær frå 2022
- Tett samarbeid med tillitsvalde , administrasjon, forvaltningskontor og andre verksemdar

Negativt:

- Det er stor bruk av overtid. Grunnen til dette er samansett. Overbelegg på Stordalstunet og behov for ekstravakter. Auka arbeidsmengde med brukarar som krev ekstra ressursar i heimetenesta. Personale har høge stillingar og det lite tilgjengeleg vikarar.

UTFORDRINGAR

- Geografisk stor kommune og utfordring med bruk av mykje tid transport av brukarar til Dagsenteret
- Svært utfordrande å rekruttere personal til tenesta
- Forventningar til tenesta/Fjord Kommune om å opprette tilbod til brukarar som krev ekstra ressursar

11.5 Pleie og omsorg Valldal - Eidsdal

SKILDRING AV VERKSEMDA

Pleie og omsorg Valldal og Eidsdal ligg i Valldal med kontor på Valldal sjukeheim og på bemanna omsorgsbustad i Valldal. Heimetenesta i Eidsdal har kontor på omsorgsbustaden i Eidsdal. Det er institusjonskjøkken som er plassert på sjukeheimen i Valldal.

Tenesta førebygg, behandlar og legg til rette for mestring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne. Det vert fremma sosial tryggleik ved hjelp av velferdsteknologi som tryggleiksalarmar og tilsyn i heimen. Det vert lagt vekt på at tenestetilbodet og kvaliteten skal bli mest mogleg likeverdig i heile kommunen. Nødvendig opplæring vert gjeve både til pasient, brukar, pårørande og personell. Tilbod vert tilpassa den enkelte sitt behov så langt som mogleg. Respekten for den enkelte sin integritet og verdighet vert ivareteken og det vert lagt vekt på at dei tildelte ressursane vert utnytta best mogleg.

Det er 12 plassar med bemanna omsorgsbustad i Valldal. Dette er omsorgsbustader der personane treng døgnkontinuerleg tilsyn 24/7, men er «for friske» til å vere i sjukeheim. I Eidsdal er det 12 plassar med døgntilsyn, men ikkje bemanna 24/7. Grunnen til dette er at den som er på jobb på natt, også kan vere ute på bygda i oppdrag.

Det er 27 sjukeheimplassar. 8 av plassane er langtids plassar for personar med demens, 14 langtids plassar på sjukeheim, 5 kortids plassar . Det er også tryggleiksalarmar hos brukarar i Liabygda . Institusjonskjøkkenet lagar mat til institusjonen og dei bemanna bustadane samstundes som ein lagar mat til heimebuande. Maten ein leverer/ lagar er næringsrik og tilrettelagt. Det vert laga mat til om lag 76 personar

Til saman er det om lag 102 brukarar i heimetenesta Valldal / Eidsdal. Mange av desse har fleire tenester. Dei som er på institusjon kjem i tillegg. Ein registrerar at tenesta vert dreia meir og meir mot heimebuande. Det er også fleire brukarar der det er nødvendig med to personar i flytting og stell. Tenesta har klart å handtere det slik at fleire fekk døy i eigen heim

enn tidlegare. I pleie og omsorg Valldal - Eidsdal er det i alt 57 årsverk og til saman 97 tilsette

MÅLOPPNÅING 2023

Målet om redusere med 4 plassar på Valldal sjukeheim vart ikkje nådd i 2023; reduksjonen vart 1 plass.

Målet om at fleire bur heime med meir hjelp vart nådd

KOMMENTAR TIL DRIFT

Positivt

- Det er godt samarbeid mellom tenestene og der ein hjelper kvarandre. Sjukefråværet har gått ned og ein har jobba med nærvær på arbeidsplassen.
- Det er god kvalitet på tenestene som vert gitt til innbyggjarane i Fjord Kommune.
- Det er fagfolk i dei fleste stillingane
- Lav terskel for å tildele tenester i heimen etter kartlegging av pasienten som gjer at brukar kan bu lengre i eigen heim

•

Negativt

- Brukt mykje vikarbyrå
- Har liten tilgang på eigne vikarar og det vert mykje bruk av overtid.

UTFORDRINGAR

Utfordringa er når ein får inn i tenestene brukarar som krev mykje ressursar og ein må ha «1-til-1» bemanning. Dette gjeld både på institusjon og i heimetenesta. Ein har då måtte leige inn ekstra personell noko som ein ser i rekneskapet. Dette er pasientar som for få år sidan var innlagt på statlege institusjonar. Kommunen får fleire og fleire oppgåver.

Utfordringa for drifta er også mangel på personell. Vi manglar vikarar ved sjukdom og ferie o.l. Det å gå underbemanna eller å bli forskyvd og få pålagt overtid over ein lang periode gjer personalet vårt vert sårbare og som kan medføre sjukmeldingar. Sjukefråværet har likevel vore lite siste tida. Det har vore nødvendig å bruke vikarbyrå.

Innføringa av Helseplattformen tok mykje ressursar både med opplæring og innføring.

Det har vore utfordrande å få velferdsteknologi plassert ut i heimane

11.6 Fjord Habilitering

SKILDRING AV VERKSEMDA

Fjord Habilitering gir praktisk hjelp, personleg hjelp og målretta miljøarbeid i heimen til menneske med nedsett funksjonsevne, og har som mål å tilby fagleg forsvarlege tenester etter gjeldande lovverk og forskrifter. Det vert lagt vekt på å ivareta den enkelte sitt behov for heilheitleg omsorg gjennom dagtilbod, heildøgnsoppfølging og vegleiing i bustad, støttekontakt, brukarstyrt personlig assistanse, avlastningstilbod og fritidsaktivitetar . Ein sikrar tenestetilbodet sin kvalitet med fokus på trivsel og tryggleik for menneske som treng oppfølging og hjelp, legg til rette for ein aktiv og sosial kvardag, førebyggjande og behandlande tiltak, samt bruk av tilgjengeleg velferdsteknologi. Andre forhold som vert lagt vekt på er å førebygge einsemd, skape trivsel, bidra til at brukarane føler meistring i kvardagen, legge til rette for eit aktivt liv og å oppretthalde eit best mogleg funksjonsnivå. Det er 11 brukarar som får heildøgntilbod, 1 som har BPA, samt 10 andre som tek mot ulike former for teneste.

Bemanning	2022	2023
Tilsette/årsverk	56/38,81	55/39,96
Brukarar	22	22
Vedtak/saker	54	59

KOMMENTAR TIL DRIFT

Fjord Habilitering har hatt auka utgifter i 2023 grunna nye brukarar og auke i vedtak for fleire grunna dramatiske funksjonsfall. Det er mange ressurskrevjande brukarar i eininga vår, fleire er svært sjuke med komplekse diagnoser. Behovet for god helsehjelp er stort.

Det har lukkast i å dekke opp vakansen på avdelinga i Stordal. Her har det vore eit massivt og krevjande endringsarbeid siste åra. Sterkt fokus på arbeidsmiljø og oppfølging av sjukefråvær, samarbeid med og trygging av pårørande i at brukarane får helsehjelpa dei skal, som igjen verkar inn på brukarane – utagering er så godt som borte. Her er ei heilt anna ro, dei er gladare og meir fornøgde. Langvaktturnus har heilt klart hatt sin effekt. I evaluering melder tilsette om at dei er mindre slitne og ingen ønsker å gå tilbake til vanlege vakter. Det vert arbeidd vidare med sjukefråvær. Dette er framleis høgt, fleire med kroniske diagnoser der ekspertbistand frå NAV og Muritunet er inne i sakene. Dette har vore svært nyttig, og vil på litt sikt vise resultat.

Det vert arbeidd mykje på tvers av avdelingane i Valldal og Stordal, med fokus på godt samarbeid og gode refleksjonar rundt arbeidet som vert gjort. Det har vore mykje overtidsbruk i 2023, men med oppdekkta vakanse og ein god vikarbase er det håp om ein god nedgang i 2024. Langvakter tiltrekker vikarar som bur utanfor kommunen.

Frå 01.10.23 tok vi over ein av BPA avtalane sjølve, difor auka talet på årsverk. Her var det tidlegare ekstern leverandør av tenesta. Dette vil totalt gje ein del innsparing.

Det er etablert avlastningstilbod for barn i leilegheit på Elvetun.

Grunna sær s ressurskrevjande brukarar vart det høg toppfinansiering frå staten , som igjen viste seg i det endelege resultatet for 2023.

MÅLOPPNÅING 2023

Langvaktturnus på begge avdelingar, utstrekt grad av individuell tilrettelegging, og nedgang i korttidssjukefråvær i Stordal. Aktivt arbeid med arbeidsmiljø, godt samarbeid mellom avdelingane var positivt. Dei som har ønska større stilling gjennom internutlysing har fått dette, så godt som ingen vakanse. God fordeling av kompetanse i tenesta, stabilitet og sikkerheit betre.

Arbeidet med måla for individuell tilrettelegging, auka livskvalitet og brukarmedverknad, held fram . Utnytte tildelte ressursar på best mogleg måte, unngå overtid så langt det er råd. Fleksibel drift og fokus på budsjett med samarbeid på tvers av avdelingane, ha fokus på bruken av ressursar på personal, oppgåvefordeling og å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø. Fortsette arbeidsmiljøfokus og tett oppfølging sjukefråvær, samt HMS og kvalitetsarbeid med jamne samarbeidsmøte med verneombod og tillitsvalde.

11.7 Glimt aktivitetssenter

SKILDRING AV VERKSEMDA

Glimt Aktivitetssenter er eit aktivitetstilbod til menneske med nedsett funksjonsevne i Fjord kommune. Her skal brukarane gjennom ulike aktivitetar oppleve ein meningsfylt kvardag som byr på både samhald, opplevingar og dei gode stundene. Innholdsrike dagar der ein får kjenne meistring og sjølvstendigheit gjennom trygge og kjende oppgåver. Fokusområde er samhald, meistring, fysisk aktivitet og likestilling.

Opningstida er måndag til fredag kl 9-14. Aktivitetar er m.a postrunde, stall, fiske, kosting/måking, makuleringsarbeid for lokale bedrifter, lage tennbrikettar, matlaging og baking, spel, musikk, diverse hobbyoppgåver, lagar ulike produkt for sal, finmotoriske oppgåver, marsvinhald og turar.

Vidare vert det arbeidd med uteområdet ved sjukeheimen som skal gje endå fleire gode aktivitetar i form av sansehage, vedkløyving, spelesone, drivhus, grønnsaksdyrking, dyrehald m.m.. Her skal mange fleire brukargrupper inkluderast i aktivitetane.

Bemanning	2022	2023
Tilsette/årsverk	2/1,4	2/1,4
Brukarar	8	11

KOMMENTAR TIL DRIFT

Glimt aktivitetssenter har no vore to år i drift og kome seg godt inn i gode rutiner, og er ein viktig stad for mange! 0,4 årsverk er flytta frå Glimt til Habilitering. Dette vil gjere at med ei litt annleis organisering har meir friheit og fleksibilitet når det gjeld ressursar. Sal av produkt har vorte ei bra inntektskjelde. Utfordring er at det ikkje er nok plass til å ta imot fleire brukargrupper pr i dag. I 2024 vil Glimt flytta inn i lokala på Elvetun, som vil gje meir plass og mulegheiter. Det vil også skape ein møteplass for fleire brukargrupper som er eit av måla i kommunen sin samfunnsplan. Dette vil også gje spart husleige og andre kostnader som i dag har knytt til lokala vi leiger.

Arbeid held fram for å nå måla om eit godt aktivitetstilbod til brukarane våre med individuell tilrettelegging, auka livskvalitet og brukarmedverknad. Fleksibel drift og fokus på budsjett med samarbeid på tvers av avdelingane, ha fokus på bruken av personalressursar, oppgåvefordeling og å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø.

12. TEKNISK – LANDBRUK - MILJØ

12.1 Rekneskap

Resultat pr verksemd TEKNISK - LANDBRUK - MILJØ	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Felles administrasjonTLM	732 722	681 395	107,5	- 51 327
Bygg og kommunalteknikk	1 428 838	2 243 752	63,7	814 914
Teknisk drift, vedlikehald	6 125 573	6 015 821	101,8	- 109 752
Felles ansvar maskinpark	1 205 414	1 230 000	98,0	24 586
Kommunale vegar, gatelys	6 673 733	6 300 400	105,9	- 373 333
Offentlege områder, park, kai	136 877	150 000	91,3	13 123
Plan,byggesak,oppmåling	3 302 133	1 957 035	168,7	- 1 345 098
Landbruk,skog,miljø	901 240	1 102 686	81,7	201 446
Jakt og vilt	1 733	36 180	4,8	34 447
Brannvern	6 229 856	5 797 490	107,5	- 432 366
Renovasjon	- 348 367	211 007	- 165,1	559 374
Vatn	- 2 752 816	- 2 582 068	106,6	170 748
Avløp	- 2 284 169	- 2 231 324	102,4	52 845
Slam	- 190 204	- 66 933	284,2	123 271
Feiing	118 458	- 76 983	- 153,9	- 195 441
Myndigheitsutøvelse Forurensingslov	- 215 690	- 114 945	187,6	100 745
Fjernvarme,distribusjonsnett	- 862 858	- 760 000	113,5	102 858
Reinhald kommunale bygg	7 728 888	7 565 578	102,2	- 163 310
Skulebygg, barnehagar	2 883 251	2 630 000	109,6	- 253 251
Idrettshallar, kulturbygg	836 680	955 000	87,6	118 320
Admin-,forn.bygg,utleigebygg	2 047 042	1 530 500	133,7	- 516 542
Lager-,service-,og andre bygg	- 478 809	- 687 861	69,6	- 209 052
Sjukeheimar,omsorgsbustadar	3 440 863	3 011 900	114,2	- 428 963
Omstilling teknisk landbruk miljø		- 1 000 000	-	- 1 000 000
SUM	36 660 388	33 898 630	108,1	- 2 761 758

12.2 Bygg og kommunalteknikk

SKILDING AV VERKSEMDA

Bygg og kommunalteknikk hadde endring i organisasjon, der leiar vart konstituert som kommunalsjef for teknisk, landbruk og miljø, mens ingeniør byggdrift og VAR vart konstituert som leiar for denne verksemda.

I 2023 hadde avdeling bygg og kommunalteknikk 11 faste stillingar på drift og tillegg til 4 faste stillingar på administrasjon. I tillegg har ein tilsette som jobba på pensjonsvilkår på både administrasjon og drift, sidan ein slit med rekruttering, spesielt i administrasjon. Innanfor desse stillingane har ein også ivareteke funksjon som kommunalsjef frå 01.05.23. I 2023 var det språktrening i avdelinga for ein ukrainsk person, som ein del av bidrag til jobben med flyktningarbeidet i kommunen.

Verksemda har følgjande ansvarsområder:

- Drift/vedlikehald kommunale bygningar
- Kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og stikkrenner)
- Offentlege plassar, inklusiv grøntområde, kaier, leikeplassar
- Drift av Tafjord friluftsbad

- Vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og ledningsnett)
- Ledningskart
- Slamtømming
- Renovasjonstenester i samarbeid med Attvin
- Utsleppsaker
- Kommunale køyretøy
- Oppfølging av investeringsprosjekt

Innbyggjarar i Fjord kommune er den desidert største gruppa av tenestebukarar.

MÅLOPPNÅING 2023

- I høve budsjettet for 2023 hadde det kun rom for nødvendige driftsoppgåver. Lite til vedlikehald og oppgradering av bygningar/anlegg. Driftsbudsjett for veg var for lavt, og det er brukt opp budsjetterte midlar. Det vart utført litt vegetasjonsrydding, litt nødvendig grøfterensk og kantslått. Ikkje alle områder har hatt kantslått i 2023. Det er utført litt reasfaltering på nokre stader, behovet er langt større. For 2023 har ein likevel hatt forbruk utover driftsbudsjett. Mykje av dette er knytt til brøyting, straum og fjernvarme. Kostnader til renovasjon ved offentlege bygg har også gått utover budsjett. På grunn av vakansar er der eit mindreforbruk på teknisk administrasjon.
- Løysing av lovpålagde tilsynsoppgåver har hatt prioritet, og såleis gått føre ein del vedlikehaldsoppgåver. Utbetring av avvik etter el-kontrollar og branntilsyn og nødløysanlegg har fått prioritet.
- Budsjetterte investeringsprosjekt. Fleire prosjekt har vore under planlegging/gjennomføring. Bortsett frå brannstasjon og mindre prosjekt knytt til vatn og avløp, har få andre prosjekt vore sett i gang. Både budsjett og kapasitet hjå administrasjon har begrensa dette.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Stordal brannstasjon ferdigstilt og opna i 2023. Elles vart utført mindre VA-prosjekt og oppgradering av leikeapparat. Øvrige investeringsprosjekt lagt på vent. Av den grunn så hadde ein betre mulegheit til å arbeide vidare med digitalisering og systematisering av driftsoppgåver og dokumentasjon. Det vart også arbeid med ROS-analyse for avdelinga, etablert HMS-utval og brukt meir tid på arbeid rundt HMS.

Fleire forsikringsaker grunna lekkasjar, m.a. leilegheit på Roa og bu og habilitering i Stordal. Det vart starta opp arbeid med kartlegging og oppgradering av brannteikningar på kommunale bygg, samt andre punkt i forhold til brannsikkerheit.

I tillegg til det vart det lagt ned mykje ressursar i samband med busetting av flykningar, frå både administrasjon- og driftssida.

Ein god del frávær på teknisk drift, grunna langtidssjukemeldingar.

UTFORDRINGAR

Året 2023 vart utfordrande grunna stramt budsjett. For drift sin del vart det lite midlar til vedlikehald og lite midlar til vikarbruk. Som resultat av det, vart det minimalt med vedlikehald på kommunale bygg. For uteområda vart ikkje alle plassar stelt slik som ein kunne ønske. Stadig nye myndigheitkrav gjer det krevjande å vere offentleg bygg-/anleggseigar.

12.3 Reinhold

SKILDRING AV VERKSEMDA

Ansvarsområdet strekkjer seg frå dagleg reinhold og vaskeriteneste for helseinstitusjonane, samt periodisk reinhold og golvbehandling i dei ulike bygga.

- Reinhold er ei avdeling i teknisk, landbruk og miljø, som i 2023 inntil vidare vart organisert under bygg- og kommunalteknikk
- Reinholdet vert utført i skular barnehagar, institusjonar, administrasjon- og helsebygg. Vi har også reinhold i næringshagen, i aktivitetssenteret sine lokaler og i servicebygg med offentlege toalett.
- Reinhold står for innkjøp til alle bygg innan forbruksmateriell, reinholdsartiklar, tørk mm.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Drift av reinholdsavdelinga har i 2023 vore styrt av prosjektleiar ved Bygg og kommunalteknikk.

Nokre av areala som vert reingjort er lagt inn i reinholdsplanar slik at reinhold vert utført etter avtalt frekvens og kvalitetsnivå. Andre områder vert reingjort etter fleire års erfaring, og med god dialog ute i einingane. Kommunen har gjeldande reinholdsplanar, og det har vore arbeid med revidering av desse. Dette gjer at delar av reinholdsarbeidet er prioritert litt annaleis enn før.

Sjukefråvær har vore ei stor utfordring. Det har aktivt vore jobba med sjukefråvær, noko som i løpet av 2023 har gitt stor positiv effekt.

Vaskeritenestene har vore til vurdering, og vart i samband med budsjettprosessen hausten 2023 vedteke sett vekk.

MÅLOPPNÅING 2023

Rekruttering av personell med rett erfaring/kompetanse er krevjande. Reinholdspersonell med fagbrev er vanskeleg å rekruttere. Dette behovet er no delvis løyst med vikariat, og tilbod om auka stilling slik at ein kan halde på kompetansen i avdelinga.

Bruk av rett type utstyr og reinholdsprodukt er viktig for både resultat og økonomi. Koordinator har fokus på dette.

12.4 Plan og miljø

SKILDRING AV VERKSEMDA

- Rådgjeving, forvaltning og handsaming av saker etter plan- og bygningslova og anna lovverk
- Landbruksrelaterte oppgåver og tenester
- Oppmåling, kart og matrikkel
- Areal- og samfunnsplanlegging.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Det har gjennom året 2023 vore endringar i høve til personale og kapasitet på visse fagområde. Det vart tilsett ein ny landbrukssjef i byrjinga av året som etter sommaren 2023 byrja for fullt som 100% Oppmålingsingeniør sa opp si stilling på slutten av året, og det har vore krevjande å finne ei erstatning som kan oppfylle framtidige vilkår for landmålerbrev.

Plan og Miljø er ei avdeling med 5 tilsette. I tillegg kjøper vi inn tenester frå Stranda når det gjeld skogbruk. Lite fagmiljø gjer at ein er avhengig av stabil arbeidskraft og god kompetanse på dei tilsette. Det er såleis ikkje optimalt med høg turnover på avdelinga, då dette reduserer kapasiteten då det tek tid på å få personell til å komme inn i jobben. Det tar også tid å rekruttere nye medarbeidarar, noko som medfører vakante stillingar i periodar. Fokus i 2023 har difor vore å løyse lovpålagde oppgåver, og få hjula til å gå rundt på avdelinga. Dette er ein situasjon som har vedvart over fleire år. I løpet av dei 3 siste åra har det vore ein fullstendig turnover på dei tilsette i avdelinga.

MÅLOPPNÅING 2023

Mål 1	Framstå som løysingsorientert, med lav saksbehandlingstid.
	<ul style="list-style-type: none">• Saksbehandlingstida på avdelinga held seg i stor grad innafor lovpålagte fristar, sjølv om det er rom for forbetring spesielt i kompliserte saker og saker som treng behandling etter fleire lovverk av ulike saksbehandlarar.• For god måloppnåing er det naudsynt med tilstrekkeleg kapasitet på avdelinga slik at saksbehandlarar kan kome med rettleiing og rådgjeving i tidleg fase.
Mål 2	Auke sjølvhjelpsgraden ved at innbyggjarar kan få meir av det dei treng på heimesida utan å måtte kontakte kommunen.
	<ul style="list-style-type: none">• Heimesida har vore oppdatert og utfylt i fleire omgangar ila året for å auke sjølvhjelpsgraden.• Det har også vore mykje arbeid lagt inn i å få opp det digitale planregisteret slik at folk kan søke informasjon om planar sjølv
Mål 3	Meir digitalisert søknads- og behandlingsprosess, spesielt for byggesak.
	<ul style="list-style-type: none">• Modulen Acos Eiendom er teke i bruk for saksbehandling innan plan, byggesak og oppmåling. Ein opplever at det er med å sikre betre rutinar og oversikt, samstundes som det har kravd tid å ta i bruk det nye verktøyet og justere modulane til vår verksemd.

12.5 Brann

SKILDRING AV VERKSEMDA

Fjord kommune har brannstasjonar i Eidsdal, Valldal og Stordal med om lag 50 brannmannskap. Det er ei stilling som brannførebyggjar. Det har vore leigd inn ekstra ressurs for å støtte opp etterslep med feiing spesielt etter at feiing av fritidseigedomar trådde i kraft.


Stranda og Fjord har avtale om oppgåvefelleskap innan brann og redning, der det er felles brannsjef, brannmester og branninspektør. Det er gjennomført branntilsyn ved § 13-bygg. Dette gjeld både kommunale bygg samt næringsdrivande. Førebyggjande har tilsyn på særskilte brannobjekt, og det er sær godt samarbeid og god oppfølging av flyktingbustadar i kommunen.

Det er vald representantskap frå begge kommunar som har møter to gongar per år for informasjon om oppgåver og status. Ved endringar i oppgåvefelleskapet skal desse handsamast av kommunestyret.

Mannskap, brannbilar/utstyr og brannstasjoner er den enkelte kommune sitt ansvar.

Det er gjennomført brannøvingar og utrykning som har tilført ein betydelig kompetanseauke inn i fagområdet. Lovpålagde testar er gjennomført som planlagt. Det er gjennomført grunnkursutdanning og ein tilsett har vore på URL - (utrykningsleiar) utdanning.

Oversikt over type utrykning for brannkorpsa i 2023:



MÅLOPPNÅING 2023

- vurdert mot økonomisike mål sett opp i budsjett 2023 vart det eit meirforbruk. Grunnen til dette var m.a. fleire større brannar i løpet av 2023.
- ein har ein halde seg innanfor dei rammer som var tildelte. Det var eit større behov enn kartlagt for utstyr på Stordal brannstasjon, men ein har prioritert for å komme i mål gjennom året.

KOMMENTAR TIL DRIFT

Positivt

- Ny stasjon i Stordal
- Positive, løysingsorienterte og flinke tilsette i alle tre brannkorpsa.
- Ressursane i oppgåvefelleskapet er avgjerande for gjennomføring og kvalitet i teneste og dokumentasjonskrav.
- All vask og impregnering av verneklede til stasjonane i Fjord kommune vert handtert. Ved nokre høve vert det vask av verneklede for andre.
- Også positivt med samøving og tunneløving med Fylkeskommunen. Det er lærerike og spesielt viktige dagar der ein har statistar frå Røde kors, Nokre gongar er alle blålysetatane med. Valldal hadde ei stor fellesøvingi mai i Tafjordtunnelen. Dyrkorntunnelen var øvingsplass for Stordal i september.

- Fleire har fullført grunnkurs i eigenregi saman med Stranda etter forventning frå DSB om å halde dette internt i kommunane.
- Overflateredningskurs, EL-bil handtering, Skogbrannsløkking, Forebyggendekurs, Varmdykkgjennomført på Vestnes.

Negativt

- Lisensar og fagsystem er kostbare. Det må vere kommunikasjon og lisensar for fagsystem. Delingsmodellane for betaling av tenester til 110-sentralen og IUA har gått opp. Dette går utover dei små kommunane med lavt folketal.
- At ein ikkje kan føre større innkjøp som investering, då det å tilsette nye kostar om lag 30.000 kroner per tilsett i verneklede og utstyr.

UTFORDRINGAR

Det har vore eit gjennomsnittleg år med tal utrykningar . Oppgåver har til dels vore utfordrande å løyse, og som er godt evaluert i etterkant.

Ein har hatt mangel på personell i stillingar spesielt i Stordal gjennom året. Valldal brannvesen har i perioden rykt ut med tilsette som bur i Liabygda til Stordal som eit mellombels og avbøtande tiltak.

Det er brukt ein del timar for å kome på plass i ny brannstasjon i Stordal. Det var eit stort løft for brann- og feiarvesenet i Stordal, og det er gjort ein stor innsats frå tilsette for å innreie og få på plass utstyr på stasjonen. Det var offisiell opning i august, og mange kom for å feire den nye brannstasjon.

